



# **Årsmelding 2017**

## **Meland kommune**

# Innhald

1	Innleiing .....	4
1.1	Rådmann si oppsummering og kommentarar til 2017 .....	4
1.2	Framlegg til vedtak for årsrekneskapen 2017 .....	5
2	Årsmelding – årsrekneskap 2017 .....	5
2.1	Innleiing med kommentarar til årsmeldinga sitt innhald .....	5
2.2	Oversyn rekneskap 2017 .....	5
2.2.1	Hovudoversikt driftsrekneskap 2017 .....	5
2.2.2	Internrekneskap drift 2017 .....	6
2.2.3	Spesifikasjon av netto inntektsramme .....	6
2.2.4	Netto utgiftsramme delegert til rådmannen .....	8
2.3	Investeringsrekneskapen .....	9
2.4	Balansen .....	9
2.5	Økonomistyring .....	10
2.6	Likestilling .....	10
2.7	Etisk standard og etisk arbeid i kommunen .....	11
2.8	Økonomiske utsikter .....	11
3	Meland kommune i 2017 .....	11
3.1	Folketalsutvikling og demografi .....	11
3.2	KOSTRA- og effektivitetsanalyse .....	13
3.2.1	Oppsummering og konklusjon av analysen .....	13
3.2.2	Økonomiske rammevilkår og metode for analysen .....	14
3.2.3	Endring 2013 - 2017 .....	14
3.3	Politisk organisasjon i 2017 .....	15
3.4	Stortings- og Sametingsvalet 11. september 2017 .....	15
4	Personaltilhøve .....	16
4.1	Årsverk og tilsette .....	16
4.2	Sjuefråvere .....	17
4.3	Personalarbeid, organisasjonsutvikling og arbeidsmiljø .....	17
4.4	Likestilling .....	18
5	Andre tilhøve .....	18
5.1	Internkontroll .....	18
5.2	Beredskap .....	18
5.3	Interkommunalt samarbeid .....	19
5.4	Meland kyrkje .....	20
5.5	Arbeid med næringsutvikling .....	20
6	Kommentarar til drift og resultat for tenesteområda i 2017 .....	21
6.1	Adm. stab rådmann .....	21
6.2	Økonomikontoret .....	22
6.3	Interkommunale samarbeid .....	22
6.3.1	IKT og telefoni .....	22
6.3.2	Brannvern .....	23
6.4	Rådgjevartenesta og PPT-kontoret .....	23
6.4.1	Rådgjevartenesta .....	23
6.4.2	PPT-kontoret .....	23
6.5	Barnehagesektoren .....	24
6.5.1	Kommunal barnehagedrift .....	24
6.5.2	Private barnehagar .....	24
6.6	Grunnskulen i Meland .....	25
6.6.1	Diverse overordna forhold .....	25

6.6.2	Grasdalen skule .....	29
6.6.3	Meland Ungdomsskule og vaksenoppl�ring.....	30
6.6.4	Rosland skule .....	31
6.6.5	Sagstad skule .....	31
6.6.6	Vestbygd skule .....	32
6.7	Helse .....	33
6.8	NAV / sosiale tenester.....	34
6.9	Barnevern.....	36
6.10	Meland sjukeheim.....	37
6.11	Meland heimeteneste.....	39
6.12	Kultur .....	43
6.13	Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK) .....	44
7	Investeringar i 2017 .....	48

# 1 Innleiing

## 1.1 Rådmann si oppsummering og kommentarar til 2017

Vi er ferdige med 2017 og det er tid for å gjere opp status. Hovudinntrykket er at den kommunale drifta er i balanse, med unntak av barneverntenesta og heimetenestene, som har noko meirforbruk. Dette er område som det er vanskeleg å budsjettere presist for, spesielt fordi aktiviteten er knytt til kva bistand innbyggjarane våre treng gjennom året – også akutt. Alle dei andre tenesteområda er tilnærma i balanse og det er derfor generelt sett god økonomistyring i Meland kommune.

I tillegg til planlagd brukt frå disposisjonsfondet med kr 7,9 mill., har vi eit rekneskapsmessig meirforbruk på omlag kr 4,8 mill. for 2017, som etter strykningsreglane i rekneskapsforskriftene også er ført mot disposisjonsfondet, slik at rekneskapsmessig går i balanse. Dette meirforbruket skuldast utelukkande feiltolking av rekneskapsforskriftane – leige av brakker til Sagstad og Grasdal skular, som skulle vore ført over drift og ikkje planlagd teke med i investeringsrekneskapsmessig. Om dette hadde vore tatt med i planane ved oppstart av prosjektet, ville dette meirforbruket ikkje oppstått, men kostnadane for kommunen hadde vore dei same. Disposisjonsfondet er ved utgangen av året på kr 29,1 mill.

Eg seier meg lei for at rekneskapsmessig ikkje er levert i rett tid. Vi vil for neste år gjere vårt ytste for at dette ikkje skjer igjen. Det er fleire årsaker til at rekneskapsmessig ikkje er levert i tide i år, men oppseiing frå controller og nyttilsetjing rundt årsskiftet, samt uventa sjukefråver, er noko av årsaka. I ein liten administrasjon kan slike utfordringar få konsekvensar.

Som relativt ny rådmann vil eg peike på at kommunen gjennom 2017 har levert gode tenester til innbyggjarane våre, parallelt med at «Vi bygger Alver kommune». Vedtaket om å slå saman Radøy, Lindås og Meland kommunar til Alver kommune har gitt oss nokre utfordringar på kort sikt, men sikrar også at kommunen er i betre stand til å løyse framtidens oppgåver. Eg har i 2017 orientert formannskapet og kommunestyret om fleire av utfordringane våre, og ser difor fram til ei ny og forbetra situasjon for våre tilsette når samanslåinga er gjennomført. Håpet er at dei tilsette, saman med innbyggjarane i ettertid vil sjå det som positivt at kommunestyret vedtok samanslåing til Alver kommune.

Det er store forventningar frå innbyggjarar og lokale og nasjonale politikarar, til kva kommunal sektor skal bidra med i åra som kjem. Det er derfor svært viktig at Meland kommune nyttar ressursane sine optimalt i tida fram til den nye kommunen er etablert – slik at overgangen til Alver vert best mogeleg, og slik at «nye-kommunen» får ein god start i 2020.

Martin W. Kulild  
Rådmann

## 1.2 Framlegg til vedtak for årsrekneskapen 2017

Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Meland kommune for 2017 i samsvar med revisor si melding, med eit rekneskapsmessig resultat kr 0,- etter disponeringar.

## 2 Årsmelding – årsrekneskap 2017

### 2.1 Innleiing med kommentarar til årsmeldinga sitt innhald

Årsmeldinga er rådmann si utgreiing av kommunen si verksemd i rekneskapsåret, og skal gje ein overordna presentasjon og analyse av kommunen si utvikling i året som gjekk, samt gje eit dekkjande bilete av kommunen si utvikling, resultat og stilling. Årsmeldinga og årsrekneskapen utgjer egne separate dokument, jf. kommunelova §48, med separate krav til innhald og utgreiing.

Kapittel 2 i denne årsmeldinga inneheld kommunelova sine krav til årsmeldinga si informasjonsplikt. Kapittel 3 til 7 er ein utvida kommentar til kommunen sine oppnådde resultat, analyser og vurdering av tenesteproduksjon, viktige hendingar og framtidige utfordringar. Det kan såleis vere at same forhold vert omtalt både i kap. 2 og seinare i årsmeldinga.

### 2.2 Oversyn rekneskap 2017

Rekneskapsmessig meirforbruk vart i 2017 kr 4,8 mill. Kommunen budsjetterte med bruk av disposisjonsfond på kr 7,7 mill., og har rekneskapsført dette ihht. budsjett. I tillegg kjem spesifikke vedtak om bruk av disposisjonsfond med kr 0,165 mill og meirforbruk utover budsjettet på kr 4,8 mill. Samla meirforbruk (eller underskot) i 2017 utgjer kr 12,7 mill. Av dette er kr 7,15 mill ein konsekvens av rekneskapsmessig overflytting av kostnader frå investering- til driftsrekneskapen, knytta til leige av modulbygg i samband med utvidinga av Grasdal og Sagstad skular som kommunen i utgangspunktet hadde budsjettet som del av investeringsprosjekta, men som vi pga. rekneskapsreglane må bokføre i driftsrekneskapen.

I 2016 hadde kommunen til samanlikning eit mindreforbruk (overskot) på kr 9,8 mill.

#### 2.2.1 Hovudoversikt driftsrekneskap 2017

Tal i heile 1 000 kr

Hovudoversikt rekneskap 2017	Regnsk. 2017	Reg. bud. 2017	Oppr.bud. 2017	Regnsk. 2016	Endring 2016-2017
Driftsinntekter	596 888	553 490	547 522	564 809	32 079
Lønnsutgifter og sosiale utgifter	364 397	337 537	337 865	328 899	-35 498
Andre driftsutgifter	243 566	225 723	210 927	225 148	-18 418
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-11 075</b>	<b>-9 770</b>	<b>-1 270</b>	<b>10 762</b>	<b>-21 837</b>
Brutto driftsresultat i prosent av sum driftsinnt.:	-1,86 %	-1,77 %	-0,23 %	1,91 %	-3,76 %
Eksterne finansinntekter	6 790	6 850	6 050	7 088	-298
Sum eksterne finansutgifter	23 776	25 928	25 928	24 439	663
<b>Resultat eksterne finanstransaksjonar</b>	<b>-16 986</b>	<b>-19 078</b>	<b>-19 878</b>	<b>-17 352</b>	<b>366</b>
Motpost avskrivningar	22 130	19 908	19 908	20 842	1 288
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-5 931</b>	<b>-8 940</b>	<b>-1 240</b>	<b>14 252</b>	<b>-20 183</b>
Netto driftsresultat i prosent av sum driftsinnt.:	-0,99 %	-1,62 %	-0,23 %	2,52 %	-3,52 %
Netto avsetningar (ekskl. avsetn disp.fond)	-6 748	1 240	1 240	-4 432	-2 316
<b>Resultat før avsetn. disp. fond / inndeck.</b>	<b>-12 679</b>	<b>-7 700</b>	<b>-</b>	<b>9 820</b>	<b>-22 499</b>
Bruk av og avsetn. til disposisjonsfond	-12 679	-7 700	-	850	-13 529
Avsatt til disp.fond / inndeck. tidl. års underskot	-	-	-	850	-850
<b>Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot)</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>8 970</b>	<b>-8 970</b>

Brutto driftsresultat i 2017 er på minus kr 11,1 mill., ein reduksjon med kr 21,8 mill. frå 2016. Netto driftsresultat er minus kr 5,9 mill, eller minus 1,0%. Netto driftsresultat i 2016 var positivt

kr 14,25 mill. (2,5%), og nedgangen frå 2016 til 2017 er såleis kr 20,2 mill. Kommunen har per 31.12.2017 eit disposisjonsfond på kr 29,1 mill., som utgjer 4,9% av driftsinntektene.

Resultatet for 2017 vert dekkja inn slik:

- Budsjettert bruk av disposisjonsfond på kr 7,7 mill.
- kr 0,165 mill. er bruk som følgje av direkte disponering av formannskap og kommunestyret,
- meirforbruk på kr 4,8 mill. som vert dekke inn basert på strykingsreglane i rekneskapsforskrifta.

## 2.2.2 Internrekneskap drift 2017

tal i heile 1 000 kr

Meland kommune 2017	Regnsk. 2017	Budsj. 2017 (rev)	Avvik	Avvik i %	Regnsk. 2016	Auke 16-17	Auke 16-17 i %
Netto inntekter økonomi og finans (skatt, rammetilskot m.m.)	443 411	439 600	3 811	0,9 %	428 910	14 501	3,4 %
Netto utgiftsramme delegert til rådmann:	456 090	447 300	-8 790	-2,0 %	419 090	37 000	8,8 %
<b>Resultat før inndeking og avsetninger</b>	<b>-12 679</b>	<b>-7 700</b>	<b>-4 979</b>		<b>9 820</b>	<b>-22 499</b>	

Det vart i 2017 budsjettert med netto inntekter på kr 439,6 mill. Rekneskapen viste kr 443,4 mill., eit positivt avvik på kr 3,8 mill. I 2016 var netto inntekter kr 428,9 mill., og auken frå 2016 til 2017 er på kr 14,5 mill. eller 3,4%. I budsjettet for 2017 var rådmannen tildelt ei ramme på kr 447,3 mill. til fordeling på dei ulike driftseiningane. Rekneskapen syner netto utgifter på 456,1 mill., som inneber eit meirforbruk i forhold til ramma på kr 8,8 mill. I rekneskapen for 2016 var netto driftsutgifter på tenestoområda kr 419,1 mill., og veksten i utgifter frå 2016 til 2017 er på kr 37 mill. eller 8,8%, som er 5,4% høgare enn inntektsveksten. Totalt viser internrekneskapen dermed eit meirforbruk for 2017 på kr 12,7 mill., som er kr 5,0 mill. meir enn det budsjetterte meirforbruket på kr 7,7 mill. Av dette utgjer kostnad til leige av modulbygg i samband med skuleutbygginga kr 7,15 mill.

## 2.2.3 Spesifikasjon av netto inntektsramme

### Skatt og rammetilskot

Tabellen på neste side syner at Meland kommune i 2017 har ein auke i skatteinntekter på kr 7,5 mill., frå 185,6 mill. i 2016 til kr 193,0 mill. i 2017. , ein auke på 4,0%. Dette er kr 5,6 mill. lågare enn i budsjettet for 2017. Nasjonalt auka skatteinntektene med 4,5% frå 2016 til 2017. Meland kommune ligg lågt når det gjeld gjennomsnittlege skatteinntekter per innbyggjar, i hovudsak som følgje av ein større andel unge innbyggjarar enn gjennomsnittet for norske kommunar.

Skatteinntektene per innbyggjar (innbyggjarar per 1.1.2017) er i 2017 kr 24.068,- mot kr 23.754,- i 2016, ein auke på 1,32%. Nasjonalt auka skatteinntektene med 3,6 % per innbyggjar til kr 29.779,- frå 2016 til 2017. Meland kommune sine skatteinntekter per innbyggjar er dermed 80,8% av landsgjennomsnittet, redusert frå 82,7% i 2016. Kommunen vert kompensert for låge skatteinntekter gjennom inntektsutjamningsordninga. Høg nasjonal skattevekst gjev auka inntekter frå skatteutjamninga som i stor grad veg opp for låg lokal skattevekst.

Rammetilskotet gjekk ned med kr 240.000,- frå 2016 til 2017. Dette skuldast i stor grad at omlegging av inntektssystemet gjeldande frå 2017 slår negativt ut for Meland kommune. Det er vanskeleg å

tallfeste effekten av denne omlegginga, da den er resultat av endringar i mange enkeltparamenter som til saman definerer kor stort rammetilskot vi skal ha. Vi anslår likevel at reduksjonen er på om lag kr 5,0 mill. Kompensasjon for løns- og prisauke på omtrent same nivå gjer at vi totalt sett får omtrent nullvekst i rammetilskotet frå 2016 til 2017.

Sum skatt, skatteutjamning og rammetilskot vart i 2017 kr 427,9 mill., som er kr 3,1 mill. høgare enn budsjettert.

### **Avdrag**

Avdrag i driftsrekneskapan er bokført med kr 15,6 mill., mot budsjettert 16,2 mill. I tillegg er det utgiftsført kr 3,2 mill. i investeringsrekneskapan som avdrag på formidlingslån (startlån frå Husbanken).

### **Netto avskrivningar**

Avskrivningane går totalt sett i null i kommunerekneskapan. På finansområdet har vi ein netto inntekt i 2017 på kr 9,1 mill. vedr. avskrivningar. Tilsvarende sum er kostnadsført på tenestemråde for Plan, Utbygging og kommunalteknikk (PUK), på drift av kommunale bygg og til vassverk- og avlaupsanlegg (sjølvkostrekneskapa).

tal i heile 1 000 kr

<b>Spes. av netto innt. økonomi og finans</b>	<b>Reknsk. 2017</b>	<b>Bud. reg. 2017</b>	<b>Avvik</b>	<b>Oppr. bud. 2017</b>	<b>Reknsk. 2016</b>	<b>Endr 16-17</b>	<b>Endr i %</b>
Skatt	193 046	198 638	-5 592	199 066	185 566	7 480	4,0 %
Rammetilskot	202 788	201 590	1 198	201 890	203 030	-242	-0,1 %
Innt. utjamning	32 072	24 572	7 500	20 144	26 221	5 851	22,3 %
<b>Sum skatt og rammetilsk.</b>	<b>427 906</b>	<b>424 800</b>	<b>3 106</b>	<b>421 100</b>	<b>414 817</b>	<b>13 089</b>	<b>3,2 %</b>
<b>Avdrag</b>	<b>-15 613</b>	<b>-16 158</b>	<b>545</b>	<b>-16 158</b>	<b>-15 167</b>	<b>-446</b>	<b>2,9 %</b>
Avskrivningar	-15 338	-12 768	-2 570	-12 768	-14 590	-748	5,1 %
Kalk. avskr. komm. bygg	2 300	2 300	-	2 300	2 300	-	0,0 %
Motpost avskr.	22 130	19 908	2 222	19 908	20 842	1 288	6,2 %
<b>Netto avskrivningar</b>	<b>9 092</b>	<b>9 440</b>	<b>-348</b>	<b>9 440</b>	<b>8 552</b>	<b>540</b>	<b>6,3 %</b>
Renteutgifter	-9 359	-10 300	941	-10 300	-9 470	111	-1,2 %
Rentekomp.	1 481	2 000	-519	2 000	1 869	-388	-20,8 %
Kalk. renter selvkostomr.	3 217	3 418	-201	3 418	2 464	753	30,6 %
Byggelånsrenter invest.	1 300	700	600	700	423	877	
Renter utlån	844	850	-6	850	789	55	7,0 %
Renteinntekter	2 015	2 150	-135	2 150	2 795	-780	-27,9 %
<b>Diverse rentepostar</b>	<b>-502</b>	<b>-1 182</b>	<b>680</b>	<b>-1 182</b>	<b>-1 130</b>	<b>628</b>	<b>-55,6 %</b>
Eigedomsskatt	19 023	18 900	123	18 900	18 790	233	1,2 %
Utbytte	3 843	3 800	43	3 000	3 423	420	12,3 %
Div utgifter og inntekter	-338		-338		-375	37	
<b>Sum andre postar</b>	<b>22 528</b>	<b>22 700</b>	<b>-172</b>	<b>21 900</b>	<b>21 838</b>	<b>690</b>	<b>3,2 %</b>
<b>Sum økonomi og finans</b>	<b>443 411</b>	<b>439 600</b>	<b>3 811</b>	<b>435 100</b>	<b>428 910</b>	<b>14 501</b>	<b>3,4 %</b>

### **Diverse rentepostar**

Totalt er det bokført kr 9,4 mill. i renter på lån i 2017, ein reduksjon på kr 0,1 mill. i forhold til 2016. Vi fekk i 2017 kr 1,4 mill. i rentekompensasjonsmidlar for dekking av renteutgifter vi har på skule og institusjonsbygg. Det er fordelt kr 3,2 mill. som kalkulatoriske renter (inntekt) til sjølvkostrekneskapa for vassverk- og avløpsanlegg. I tillegg har vi i 2017 kr 0,8 mill. i inntekt på vidareutlån og kr 2,0 mill. i renteinntekt på bankinnskot. Netto bokført renteutgift er såleis kr 0,5 mill. Det er kr 0,7 mill. mindre enn budsjettert, og kr 0,6 mill. mindre enn i 2016.

### Eigedomsskatt og utbytte m.m.

Satsen for eigedomsskatt på bustader og fritidseigedommar var uforandra i 2017 i forhold til 2016 på 3,5 promille. Satsen på verk og bruk er 7 promille. Inntektene auka med kr 0,2 mill. frå kr 18,8 mill. i 2016 til kr 19,0 mill. i 2017. Kommunen fekk i 2017 utbytte frå BKK på kr 3,8 mill., mot kr 3,4 mill. i 2016.

### **2.2.4 Netto utgiftsramme delegert til rådmannen**

Tabellen nedanfor syner korleis rådmann i budsjettet for 2017 har fordelt utgiftsramma på kr 447,3 mill. til kvart tenesteområdet som kommunen er organisert i, og dei tilhøyrande resultat for kvart tenesteområde. Tenesteområda sine fullmakter er regulert gjennom leiaravtalar. I sum har tenesteområda levert netto utgifter på kr 448,9 mill. knytt til ordinær drift, som er 1,6 mill. høgare enn utgiftsramma.

I tillegg kjem kostnadsføring av leige av modulbygg i samband med utbygginga av Grasdal og Sagstad skular. Desse utgiftene er planlagt som del investeringsbudsjettet, men skal etter avklaring med revisjonen først i driftsrekneskapen. Totalt er i 2017-rekneskapen ompostert utgifter på kr 7,15 mill frå investering til drift. Av dette gjeld kr 3,4 mill utgifter bokført i 2016. Totalt er difor netto bokførte utgifter til drift i 2017 kr 456,1 mill.

Dei fleste tenesteområda har positive avvik, eller små negative avvik. Størst meirforbruk har barnevernstenesta med kr 1,3 mill. og heimetenesta med kr 4,2 mill. Størst mindreforbruk har vi på Sosiale tenester (kommunalt NAV) med kr 1,1 mill. og på Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK) med kr 1,3 mill.

**Netto utgiftsramme delegert til rådmann fordelt administrativt på Tenesteområda:**

tal i heile 1 000 kr

Tenesteområde	Regnsk. 2017	Budsj. 2017 (rev)	Avvik	Avvik i %	Regnsk. 2016	Auke 16-17	Auke 16-17 i %
Politikk/Rådmannskontor	17 264	17 401	137	0,8 %	16 320	944	5,8 %
Økonomikontor	9 148	9 333	185	2,0 %	8 974	174	1,9 %
IKT og andre Interkomm. samarbeid	15 121	14 731	-390	-2,6 %	13 870	1 251	9,0 %
Rådgjevarstenesta ekskl. private barneh.	8 426	9 206	780	8,5 %	8 829	-403	-4,6 %
Private barnehagar (tilskot og adm)	83 101	83 517	416	0,5 %	80 799	2 302	2,8 %
PPT	2 637	2 677	40	1,5 %	1 985	652	32,8 %
Kommunal barnehagedrift	6 537	6 517	-20	-0,3 %	6 164	373	6,1 %
Grasdal skule	13 490	13 299	-191	-1,4 %	12 277	1 213	9,9 %
Meland Ungdomsskule og Vaksenoppl.	16 223	16 170	-53	-0,3 %	15 309	914	6,0 %
Rosslund skule	24 562	24 710	148	0,6 %	24 101	461	1,9 %
Sagstad skule	31 436	31 463	27	0,1 %	28 152	3 284	11,7 %
Vestbygd skule	18 154	18 258	104	0,6 %	16 906	1 248	7,4 %
Helse	26 774	27 489	715	2,6 %	26 175	599	2,3 %
Sosiale tenester	11 204	12 284	1 080	8,8 %	10 025	1 179	11,8 %
Barnevern	13 930	12 674	-1 256	-9,9 %	13 097	833	6,4 %
Meland Sjukeheim	45 519	45 065	-454	-1,0 %	40 102	5 417	13,5 %
Meland heimetenester	66 121	61 916	-4 205	-6,8 %	59 079	7 042	11,9 %
Kulturkontor	9 472	9 490	18	0,2 %	8 148	1 324	16,2 %
PUK - Plan, Utbygging, komm.teknikk	29 822	31 100	1 278	4,1 %	28 778	1 044	3,6 %
<b>Netto ordinær drift</b>	<b>448 941</b>	<b>447 300</b>	<b>-1 641</b>	<b>-0,4 %</b>	<b>419 090</b>	<b>29 851</b>	<b>7,1 %</b>
Leige av modulbygg utbygging skular	7 149	0	-7 149			7 149	
<b>Sum netto utgift - internt fordelt ramme frå rådmann</b>	<b>456 090</b>	<b>447 300</b>	<b>-8 790</b>	<b>-2,0 %</b>	<b>419 090</b>	<b>37 000</b>	<b>8,8 %</b>



I internrekneskapen bruker vi som vist i tabellen over netto rammer per tenesteområde der alle inntekter og utgifter for tenesteområdet er inkludert. Dette samsvarer ikkje heilt med fordeling av rammene i årsrekneskapen sin oppstilling 1B. Forskjellen er forklart i note til rekneskapen. Kommenterarar til resultat og utvikling for kvart tenesteområd kjem i kap. 6.

## 2.3 Investeringsrekneskapen

I 2017 er det bokført kapitalutgifter med totalt kr 115,7 mill. mot budsjettet kr 152,9 mill. På fleire store prosjekt har ikkje framdrifta vore som planlagt i budsjettet, og prosjekta vert ferdiggjort i 2018. Største prosjekt i 2017 er utbygging av Grasdal og Sagstad skular med til saman kr 62 mill. Andre store prosjekt er kjøp av utleige- og omsorgsbustader med kr 14,9 mill, og separering Grønlandsområdet med kr 7,8 mill. Utlån, avdrag og avsettingar knytt til kommunen si vidareformidling av startlån frå Husbanken er i 2017 bokført med til saman kr 7,4 mill. Se kap. 7 for nærare spesifikasjon.

## 2.4 Balansen

Sum eigendeler har auka med kr 59 mill. i løpet av 2017, frå kr 1.451 mill. per 31.12.2016 til kr 1.510 mill. per 31.12.2017. Eigenkapitalen er auka med kr 15 mill. og langsiktig gjeld er auka med kr 60 mill. Langsiktig gjeld består av lånegjeld og pensjonsforplikting.

tal i heile 1 000 kr

Balanse - 31.12	Regnsk. 2017	Regnsk. 2016	Regnsk. 2015
Eigedomar, anlegg, utstyr og transp.m.	690 222	607 637	542 814
Utlån	35 908	37 004	35 359
Aksjer og andeler	102 572	101 786	100 405
Pensjonsmidlar	484 736	444 355	428 448
<b>Sum anleggsmidlar</b>	<b>1 313 438</b>	<b>1 190 782</b>	<b>1 107 026</b>
Kortsiktige fordringar	47 509	27 267	22 633
Premieawik	22 566	24 320	23 157
Bankinnskot og kortsikt. plasseringar	126 306	208 531	125 727
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>196 381</b>	<b>260 118</b>	<b>171 517</b>
<b>Sum eigendelar</b>	<b>1 509 819</b>	<b>1 450 900</b>	<b>1 278 543</b>
Bundne driftsfond	33 667	26 919	19 387
Investeringsfond (bundne og ubundne)	24 916	22 835	24 573
Disposisjonsfond	29 075	32 923	23 324
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	0	8 970	9 100
Kapitalkonto	155 925	137 103	157 327
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>243 583</b>	<b>228 750</b>	<b>233 711</b>
Pensjonsforpliktingar	601 861	568 927	529 188
Lånegjeld	594 035	566 844	443 515
<b>Sum langsiktig gjeld</b>	<b>1 195 896</b>	<b>1 135 771</b>	<b>972 703</b>
Diverse kortsiktig gjeld	67 034	81 389	67 301
Premieawik	3 304	4 991	4 828
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>70 338</b>	<b>86 380</b>	<b>72 129</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<b>1 509 817</b>	<b>1 450 901</b>	<b>1 278 543</b>
memoriakonto: Ubrukte lånemidlar	40 811	84 534	25 796

Netto lånegjeld er definert som lånegjeld minus utlån (startlån), og er kr 558 mill. i 2017, opp frå kr 530 mill. i 2016. I 2017 utgjer gjelda 93,5% av driftsinntektene. Lånegjeld per innbyggjar er kr 69.084,- for 2017, ein auke frå kr 66.131,- i 2016.

<b>Nøkkeltal lånegjeld</b>	<b>Regnsk. 2017</b>	<b>Regnsk. 2016</b>	<b>Regnsk. 2015</b>
Netto lånegjeld (lånegjeld minus utlån) mill kr:	558,1	529,8	408,2
Brutto driftsinntekter	596 888	564 809	488 079
Netto lånegjeld i % av brutto driftsinnt.:	93,5 %	93,8 %	83,6 %
Innbyggere 31.12:	8 079	8 012	7 812
Netto lånegjeld pr innbyggjar - heile kr :	69 084	66 131	52 247

I tabellen nedanfor listar vi opp alle kortsiktige balansepostar som har påverknad på netto likviditet tilgjengeleg til drift. Vi ser at balansen er endra frå kr 47,04 mill. per 31.12.2016 til kr 41,05 mill. per 31.12.2017.

<b>Netto kortsiktige balansepostar / likviditet</b>	<b>Regnsk. 2017</b>	<b>Regnsk. 2016</b>	<b>Regnsk. 2015</b>
Bankinnskot og kortsikt. plasseringar	126 306	208 531	125 727
Kortsiktige fordringar	47 509	27 267	22 633
Diverse kortsiktig gjeld	-67 034	-81 389	-67 301
Investeringsfond (bundne og ubundne)	-24 916	-22 835	-24 573
Unyttå lånemidlar	-40 811	-84 534	-25 796
<b>Netto likviditets over/underskot til drift</b>	<b>41 054</b>	<b>47 040</b>	<b>30 690</b>
Endring frå året før	-5 986	42 540	51 284

## 2.5 Økonomistyring

Dei siste åra har kostnadsauken i Meland kommune vore større enn inntektsauken, og det har medført at vi i 2017 budsjetterte med eit netto driftsresultat på minus kr 9,0 mill. Teknisk berekningsutval (TBU) tilrår at kommunane skal ha eit overskot (netto driftsresultat) på 1,75% av driftsinntektene, som i 2017 for Meland kommune ville utgjort om lag kr 10 mill. Faktisk resultat for 2017 er eit negativt netto driftsresultat på kr 5,9 mill.

Kommunen fekk i 2017 ein relativt stor nedgang i dei statlege rammeoverføringane, som vi anslår til om lag kr 5,0 mill. som følgje av omlegging av inntektssystemet og redusert folketalsvekst. Det har vore vanskeleg å tilpasse driftsnivået til lågare inntekter samstundes som mange av tenestene opplever auka tenestebehov og press på tenestene.

Generelt meiner vi likevel at økonomistyringa i kommunen er god, og at endra tenestebehov vert fanga opp og naudsynt justering av budsjetttrammene gjennomført. I løpet av året har kommunestyret auka rammene til drifta av tenesteområda med kr 12,2 mill. Inntektene er auka med kr 4,5 mill. Differansen er finansiert ved bruka av disposisjonsfond med kr 7,7 mill.

## 2.6 Likestilling

80% av arbeidsstokken i Meland er kvinner og 20% er menn. I rådmannen si leiargruppe er det det god balanse mellom kvinner og menn, med ein lita overvekt av menn. Kommunen jobbar aktivt med å fremje heiltidskultur som eit berande prinsipp for arbeidsmønsteret i kommunen, og *Tiltaksplan for heiltidskultur* vart vedtatt i administrasjonsutvalet 30.08.17. Kommunen har også ein eigen plan for likestilling, inkludering og mangfald (vedteke 2015).

## 2.7 Etisk standard og etisk arbeid i kommunen

I Meland kommune er etisk kompetanse og systematisk etikkarbeid viktig i kvalitetsforbetring. Kommunen tok del i nasjonalt prosjekt via «Prosjekt etisk kompetanseheving 2012-2015». Ein har etter avslutta prosjektperiode vidareført arbeidet via Strategisk kompetanseutviklingsplan kombinert med lokale kompetanseplanar for kvart tenestemråde. Systematisk etikkarbeid gjev organisasjonen ein metodikk til å reflektere kring utfordringar i tenestene slik at desse vert belyst frå ulike vinklar og perspektiv. Føremålet er å finne fram til nye og betre løysningar som kjem brukarane og organisasjonen til gode, slik at kvaliteten på tenesteyting vert endå betre.

Etikk er også eit viktig tema på informasjonsmøta med nyttilsette. Kommunen har over mange år hatt eigne etiske retningslinjer. Meland kommune er medlem i Transparency International. Det vart i 2017 vedtatt revidert varslingsprosedyre i tråd med endringane i arbeidsmiljølova.

## 2.8 Økonomiske utsikter

Meland kommune sin økonomi har dei siste åra vore prega av at kommunen har høg vekst. I 2017 vart folkeveksten på 0,7%, ned frå 2,7% i 2016. Frå å vere ein av kommunane i Norge med høgast vekst ligg vi i 2017 på gjennomsnittet for Norge.

Inntektene til kommunen er i stor grad styrt gjennom dei avgjerder som vert tekne når det gjeld utviklinga av kommuneøkonomien i dei årlege statsbudsjetta. Nytt inntektssystem for kommunane vart innført frå 2017, og kommunen fikk ein reduksjon i rammeoverføringane i forhold til 2016 på om lag 4 mill. kr. Samstundes får kommunen grunna låg folkevekst ein reduksjon i veksttilskotet framover. Det er heller ikkje utsikter til å auke andre inntekter. Eigedomsskatten kan aukast noko, men det er eit politisk val.

Kommunen har i den vedtekne økonomiplanen lagt opp til eit svært høgt investeringsnivå framover, med nye store låneopptak og stor auke i rente- og avdragsutgifter. Det vil vere krevjande å balansere budsjetta framover når denne utgiftsauken skal takast omsyn til. Elles vil 2018 og 2019 i stor grad bli prega av førebuing og planlegging av samanslåinga med Radøy og Lindås kommunar til nye Alver kommune frå 01.01.2020. I Meland kommune isolert vil det som følgje av dette ikkje bli gjort vesentlege endringar i driftsnivå eller i organisering av verksemda dei neste 2 åra.

## 3 Meland kommune i 2017

### 3.1 Folketalsutvikling og demografi

Utvikling i folketal og demografi er ein av dei viktigaste føresetnadene for både inntekts- og utgiftsutviklinga i ein kommune. Pr 31.12.2017 var folketallet i Meland kommune 8.079, ein auke på 58 personar frå 2016 (eller 0,7%). Dette er den lågaste veksten i kommunen på meir enn 10 år.

Folketalsutvikling Meland kommune 2006 - 2017:

År:	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
pr 31.12. i året	6 016	6 233	6 478	6 631	6 824	7 036	7 347	7 544	7 736	7 812	8 021	8 079
Vekst frå året før	85	217	245	153	193	212	311	197	192	76	209	58
Vekst i %	1,43 %	3,61 %	3,93 %	2,36 %	2,91 %	3,11 %	4,42 %	2,68 %	2,55 %	0,98 %	2,68 %	0,72 %

## Folketalsutvikling Meland kommune 2012 - 2017


fordelt på aldersgrupper:

pr 1. juli i året:	2012	2013	2014	2015	2016	2017
0-5 år	693	743	757	751	760	750
6-15 år	1 065	1 076	1 120	1 156	1 159	1 187
16-22 år	693	733	725	717	732	705
23-66 år	4 086	4 197	4 278	4 349	4 415	4 466
67-89 år	637	684	739	767	828	883
90 år +	46	44	48	49	50	47
<b>Sum</b>	<b>7 220</b>	<b>7 477</b>	<b>7 667</b>	<b>7 789</b>	<b>7 944</b>	<b>8 038</b>

pr 1. juli i året:	Endring frå året før:						Endr. i % frå året før:					
	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2012	2013	2014	2015	2016	2017
0-5 år	46	50	14	-6	9	-10	7,1 %	7,2 %	1,9 %	-0,8 %	1,2 %	-1,3 %
6-15 år	13	11	44	36	3	28	1,2 %	1,0 %	4,1 %	3,2 %	0,3 %	2,4 %
16-22 år	24	40	-8	-8	15	-27	3,6 %	5,8 %	-1,1 %	-1,1 %	2,1 %	-3,7 %
23-66 år	178	111	81	71	66	51	4,6 %	2,7 %	1,9 %	1,7 %	1,5 %	1,2 %
67-89 år	29	47	55	28	61	55	4,8 %	7,4 %	8,0 %	3,8 %	8,0 %	6,6 %
90 år +	3	-2	4	1	1	-3	7,0 %	-4,3 %	9,1 %	2,1 %	2,0 %	-6,0 %
	<b>293</b>	<b>257</b>	<b>190</b>	<b>122</b>	<b>155</b>	<b>94</b>	<b>4,2 %</b>	<b>3,6 %</b>	<b>2,5 %</b>	<b>1,6 %</b>	<b>2,0 %</b>	<b>1,2 %</b>

For å syne den demografiske utviklinga vert folketal per 1. juli brukt. I tabellen nedanfor ser ein at veksten frå 1. juli 2016 til 1. juli 2017 er på 1,2%, som er 0,8% lågare enn i 2016. I perioden fram til 2013 var veksten svært stor for born 0-5 år, men den har blitt mykje lågare dei siste åra, og i 2017 har vi ein reduksjon på 1,3%. I 2017 har vi vekst i born i skulealder med 2,4%, medan veksten i aldersgruppa 67-89 år har vore svært høg dei siste åra med ein vekst på 6,6% i 2017. Konsekvensen er ei dreining av behov frå det å byggje fleire barnehageplassar til å måtte bygge ut tilbodet i eldreomsorga.

Meland kommune har likevel ei relativt ung befolkning. Figuren under viser folketal per 01.07.2017 fordelt prosentvis på aldersgrupper, samanlikna med nivået i 2016 og med nasjonale tal for demografi. 9,3 % av befolkninga i Meland kommune er under 6 år mot 6,9 % totalt for landet (2017-tal). Aldersgruppa 6-15 år er og større enn snitt for landet med 14,8 % mot 12,0 % for landet, medan vi har relativt færre eldre innbyggjarar, sjølv om andelen i aldersgruppa 67-89 år i Meland kommune har auka frå 10,4 % i 2016 til 11 % i 2017. Aldersfordelinga er ein av dei viktigaste parametrane for berekning av rammetilskotet til kommunen. Vi får meir til skule og barnehage og mindre til eldreomsorg enn ein gjennomsnittleg norsk kommune, som følgje av avvikande demografiprofil i forhold til nasjonale tal.



Tabellane under syner at utviklinga med relativt høge fødselsoverskot held fram i 2017 samanlikna med føregåande år. Talet på fødte utgjer 1,28% av folketalet per 1.1.2017, men fødselsoverskotet går ned i 2017 samanlikna med tidlegare år.

Fødselsoverskot: (tal for 1. jan - 31. des i året)													
	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Fødde	70	81	93	84	93	92	93	114	120	110	107	121	103
Døde	29	36	35	31	54	49	42	42	38	35	47	27	51
Fødselsoverskot:	41	45	58	53	39	43	51	72	82	75	60	94	52
Netto inn-utflytting:													
	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Innflytting	328	362	420	479	450	460	572	619	539	561	466	568	458
Utflytting	303	324	265	287	333	308	411	380	424	444	450	451	452
Netto innflytting:	25	38	155	192	117	152	161	239	115	117	16	117	6
<b>Netto folkevekst:</b>	<b>66</b>	<b>83</b>	<b>213</b>	<b>245</b>	<b>156</b>	<b>195</b>	<b>212</b>	<b>311</b>	<b>197</b>	<b>192</b>	<b>76</b>	<b>211</b>	<b>58</b>

I 2017 flytta 452 personar ut av kommunen og 458 personar inn. Dette er høvesvis 5,6% og 5,7% av folketalet pr. 1.1.2017. Vi kan såleis seie at vi har ein stor sirkulasjon på innbyggjarane i Meland kommune, der vi skiftar ut meir enn kvar 20. innbyggjar i året. I 2017 hadde vi låg vekst fordi netto innflytting var lågare enn kva som har vore normalt dei siste åra.

## 3.2 KOSTRA- og effektivitetsanalyse

### 3.2.1 Oppsummering og konklusjon av analysen

På oppdrag frå kommunen har Telemarksforskning utarbeidd ein KOSTRA- og effektivitetsanalyse som skal illustrere korleis kommunen sin ressursbruk på sentrale tenesteområde harmonerer med kommunen sine økonomiske rammevilkår, med omsyn til både berekna utgiftsbehov og reelt inntektsnivå (målt som korrigererte frie inntekter). Berekingane syner at Meland kommune på dei sentrale tenesteområda som inngår i inntektssystemet, hadde meirutgifter i forhold til landsgjennomsnittet på 25,3 mill. kr i 2017.

Då er det ikkje teke med i analysen at kommunen hadde eit høgare berekna utgiftsbehov enn «gjennomsnittskommunen» på om lag 2,3% i 2017, eller at kommunen hadde et inntektsnivå som låg ca. 3% under landsgjennomsnittet (ca. 13,3 mill. kr). Tek ein desse forholda med i berekinga, viser analysen at Meland kommune samla sett hadde meirutgifter på 29,1 mill. kr i forhold til kommunens «normerte og inntektsjusterte utgiftsnivå» i 2017.

Dette fordeler seg på dei ulike tenestene slik:

Tjenesteområde	Mer-/mindreutgift 2017 (mill. kr) ift.		
	Landsgjennomsnittet	«Normert og utgiftsnivå»	«Normert og inntektsjustert nivå»
Barnehage	23,6	2,9	5,1
Administrasjon	-6,3	-7,0	-5,9
Landbruk	0,6	0,5	0,6
Grunnskole	25,5	3,9	7,4
Pleie og omsorg	-12,2	14,0	18,5
Kommunehelse	4,4	4,5	5,2
Barnevern	-3,2	-2,2	-1,7
Sosialtjeneste	-7,0	-0,8	-0,1
<b>Sum</b>	<b>25,3</b>	<b>15,8</b>	<b>29,1</b>

Tabellen viser at Meland kommune til dømes på barnehagesektoren bruker 23,6 mill. meir enn ein gjennomsnittleg norsk kommune. Meland kommune har imidlertid betydeleg høgare barnetal enn gjennomsnittleg, og kommunen må dermed forvente høgare kostnader (normert utgiftsnivå) innan barnehagesektoren enn gjennomsnittskommunen. Analysen viser at Meland kommune brukte



kr 2,9 mill. meir enn dette normerte utgiftsbehovet. Når vi så justerer for at Meland kommune har lågare inntekter (3%) enn ein gjennomsnittskommunen, viser analysen at vi i 2017 brukte kr 5,1 mill. meir på barnehagesektoren enn det analysen definerer som Meland kommune sitt normerte og inntektsjustert utgiftsnivå for 2017.

### 3.2.2 Økonomiske rammevilkår og metode for analysen

Dei økonomiske rammevilkår vil være styrande for det tenestetilbodet som kommunen kan tilby innbyggjarane.

- Meland er en middelinntektskommune.
- Korrigerte frie inntekter (inkl. eige-domsskatt mm.) er på 97% av landsgjennomsnittet.
- I KOSTRA er Meland plassert i kommunegruppe 8, dvs. mellomstore kommunar med lave bundne kostnader per innbyggjar og middels frie disponible inntekter.
- Et berekna utgiftsbehov i inntektssystemet på totalt ca. 2,3% over landsgjennomsnittet i 2017.

Til bruk i KOSTRA- og effektivitetsanalyser har Telemarksforskning utvikla ein metode som skal illustrere korleis kommunen sin ressursbruk på sentrale tenesteområde harmonerer med kommunen sine økonomiske rammevilkår (inkludert både beregnet utgiftsbehov og reelt inntektsnivå).

Eit slikt gererelt berekna utgiftsnivå må likevel ikkje oppfatast som ein slags fasit på eit "riktig" nivå. Berekingane er meir ein illustrasjon på korleis kommunen faktisk har tilpassa seg eit forbruksnivå på de aktuelle tenesteområda i sum – samanlikna med kva utgiftsbehovet (ifølge kriteriene i inntektssystemet) og dei reelle, frie inntektene ideelt sett skulle tilseie. Dei frie inntektene omfattar forøvrig ikkje slikt som utbytteinntekter og annen finansavkastning, og kriteria i inntektssystemet inkluderer heller ikkje alle tenesteområda. Mellom anna er ikkje teknisk sektor teke med. Analysen er basert oss på foreløpige/ureviderte KOSTRA-data for 2017 og tal for tidligare årganger.

### 3.2.3 Endring 2013 - 2017

Meland kommune fekk utført same analyse til årsmeldinga for 2013. Tabellen til høgre viser endring frå 2013 til 2017.

I 2013 var kommunen sitt utgiftsnivå på dei refererte tenesteområda kr 16,6 mill lågare enn det normerte og inntektsjusterte gjennomsnittet for norske kommunar som vi kan samanlikne oss med, medan det altså i 2017 var kr 29,1 mill. høgare.

Telemarksforskning sine analysar viser at vi frå 2013 til 2017 (når vi tek omsyn til utgiftsbehov og inntektsnivå) har auka vårt kostnadsnivå på dei aktuelle tenestene med kr 45,7 mill. i forhold til gjennomsnittet av norske kommunar. Størst har auken vore innan barnehageområdet med kr 11,8 mill. og innan pleie og omsorg med kr 25,4 mill.

Rådmannen vurderer det slik at auken er både politisk motivert og eit resultat av auka kostnadsnivå/tenestebehov. Ein har ikkje analysert årsakssamanhengen nærare, men konstaterer at det i 2013 for å få kommunen ut av ROBEK-registret vart stramma inn på drifta på alle område. Kommunen var nok nede på eit driftsnivå som mange nok oppfatta som ikkje berekraftig på lengre

Normert og inntektsjustert nivå 2013 - 2017			
	2013	2017	Endr. 13-17
Barnehage	-6,7	5,1	11,8
Administrasjon	0,2	-5,9	-6,1
Landbruk	0,0	0,6	0,6
Grunnskole	-2,6	7,4	10,0
Pleie og omsorg	-6,9	18,5	25,4
Kommunehelse	-2,0	5,2	7,2
Barnevern	-2,6	-1,7	0,9
Sosialtjeneste	4,0	-0,1	-4,1
<b>Sum</b>	<b>-16,6</b>	<b>29,1</b>	<b>45,7</b>

sikt. Etter dette har kommunen styrka sin økonomiske handlefridom, og tenestene har fått auka sine driftsrammer, men auken har altså vore større enn det inntektsutviklinga og rammevilkåra skulle tilseie.

### 3.3 Politisk organisasjon i 2017

#### **Meland kommune har for tida slik politisk organisering:**

Kommunestyret:	27 medlemmer
Formannskapet:	7 medlemmer
Administrasjonsutval:	10 medlemmer (formannskapet + 3 frå arbeidstakarorganisasjonane)
Utval for levekår:	9 medlemmer
Utval for drift og utvikling:	9 medlemmer
Klagenemnda:	Personidentisk med formannskapet
Valstyret:	Personidentisk med formannskapet
Eldreråd:	7 medlemmer
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne:	5 medlemmer
Sakkunnig nemnd eigedomsskatt:	3 medlemmer
Ungdomsrådet:	9 medlemmer
Førebuande fellesnemnd:	6 medlemmer
Kontrollutval:	7 medlemmer.

Ut over dei obligatoriske organ som går fram av kommunelova er det opp til kommunestyret å bestemme kva råd og utval dei ynskjer å ha.

#### **Dei politiske utvala har hatt slik aktivitet i 2017:**

Styre/råd/utval - aktivitet i 2017	Tal møte	Tal saker	Gj.snitt tal saker per møte
Kommunestyre	8	131	16,4
Formannskap	12	143	11,9
Valstyret	2	14	7,0
Administrasjonsutvalet	4	18	4,5
ULK	7	87	12,4
UDU	8	108	13,5
Klagenemnda	2	5	2,5
Eldrerådet	6	57	9,5
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	5	48	9,6
Sakkunning nemnd eigedomsskatt	2	9	4,5
Ungdomsrådet	8	63	7,9
Førebuande fellesnemnd	7	34	4,9
Fellesnemnd	3	31	10,3

Formannskapet hadde 12 møte i 2017. I tillegg var formannskapet på 2 dagars budsjettseminar. Formannskapet behandla 71 politiske saker i tillegg til dei faste sakene. Kommunestyret hadde 8 møte i 2017, og behandla 99 politiske saker. I kvart møte i formannskapet og kommunestyret vart det orientert om status kommunestruktur/Alver kommune.

### 3.4 Stortings- og Sametingsvalet 11. september 2017

I Meland var det 5473 som kunne røyste ved Stortingsvalet. Det var 4527 som røysta, noko som gir ei valdeltaking var på 82,72 %. Det var 1498 som røysta på førehand og 3029 som røysta på valdagen. Førehandsrøyste kunne ein gjere i resepsjonen på rådhuset, på sjukeheimen og ved ambulerande

røytemottak til heimebuande som ikkje kunne koma seg fram til røystelokale. På valdagen vart det nytta 6 røystelokale, og opningstida var frå kl. 12:00 – 20:00. Til saman var det 42 valfunksjonærar i røystelokala. Kommunen tok imot førehandsrøyster til Sametingsvalet. Det er ikkje kome inn klage over forhold i forbindelse med førebuing og gjennomføring av stortingsvalet.

## 4 Personaltilhøve

### 4.1 Årsverk og tilsette

Tabellen under syner tilsette og årsverk for 2017, med samanlikningstal for 2016, 2015 og 2014. I tabellen er det teke med alle faste tilsette og vikarar som får fast månadsløn, samt alle faste tilsette som er ute i permisjonar. Desse er med fordi vi i hovudsak betalar løn til desse, men får refundert løna, som ma. fødselspengar. Det inneber og at alle timeløna tilsette, som t.d. støttekontaktar i pleie og omsorg, ikkje er med i talet på tilsette eller årsverk.

Talet på tilsette pr 31.12.2017 er 609, ein auke på 22 frå 2016. Auken er størst på skulane.

Talet på årsverk pr 31.12.2017 er 487,5, ein auke på 33,2 frå 31.12.2016.

Årsverk og tilsette per tenesteområde	<----- Årsverk per 31.12 ----->						<----- Tilsette per 31.12 ----->					
	2017	2016	2015	2014	Endr. 15-16	Endr. 14-15	2017	2016	2015	2014	Endr. 15-16	Endr. 14-15
Adm. stab rådmann	14,6	14,7	14,2	14,3	0,4	-0,1	17,2	16,9	16,0	16,0	1,2	-
Økonomikontor	7,0	7,3	5,3	5,6	1,7	-0,3	7,0	8,0	6,0	6,0	1,0	-
Rådgjevartenesta	7,2	6,8	5,6	5,6	1,6	-	9,6	9,6	7,6	8,0	2,0	- 0,4
PPT	3,4	2,4	2,4	2,4	1,0	-	3,4	2,4	2,4	2,4	1,0	-
Kommunal barnehagedrift	13,3	13,5	11,5	10,5	1,8	1,0	15,3	15,3	13,3	12,3	2,0	1,0
Grasdal skule	24,4	25,1	22,1	19,6	2,4	2,5	27,5	29,4	26,1	22,0	1,4	4,1
Meland Ungdomssk. + Vaksenoppl.	25,7	23,5	26,3	26,4	-0,6	-0,1	29,4	29,3	30,5	32,5	- 1,1	- 2,0
Rosslund skule	42,6	40,4	42,7	37,1	-0,1	5,6	49,9	48,1	50,1	43,0	- 0,2	7,1
Sagstad skule	60,4	54,7	48,1	43,5	12,3	4,6	69,0	62,7	54,9	51,0	14,2	3,9
Vestbygd skule	35,1	32,8	29,3	23,4	5,9	5,9	42,0	37,9	34,9	28,0	7,1	6,9
Helse	37,8	33,4	31,6	30,1	6,2	1,5	44,5	41,7	41,0	39,0	3,5	2,0
Sosiale tenester / NAV	9,8	10,4	9,7	8,6	0,1	1,1	11,0	13,0	11,3	10,0	- 0,3	1,3
Barnevern	9,0	7,7	7,7	7,6	1,3	0,1	9,0	8,0	8,0	8,0	1,0	-
Meland sjukeheim	63,2	58,2	58,7	48,8	4,6	9,9	93,7	94,0	98,0	84,0	- 4,3	14,0
Meland heimeteneste	78,9	73,4	77,3	62,9	1,6	14,4	113,9	110,9	112,7	98,0	1,2	14,7
Kultur	11,3	10,7	9,1	10,0	2,2	-0,9	21,0	19,8	18,2	19,0	2,8	- 0,8
Plan, Utbygging og komm.teknikk (PUK)	43,9	39,3	41,3	40,1	2,6	1,2	45,7	40,0	42,0	41,0	3,7	1,0
<b>Sum Meland kommune</b>	<b>487,5</b>	<b>454,3</b>	<b>442,8</b>	<b>396,5</b>	<b>44,8</b>	<b>46,3</b>	<b>609,0</b>	<b>587,0</b>	<b>573,0</b>	<b>520,2</b>	<b>36,1</b>	<b>52,8</b>

Tabellen under syner at vi har auka talet på faste tilsette med 41 (frå 484 til 525) frå 2016 til 2017, medan talet på vikarar og andre mellombelse stillingar er redusert med 9 frå 75 til 66. Vi har 9 lærlingar mot 7 i 2016. Talet på tilsette som er ute i permisjonar er redusert frå 21 i 2016 til 9 i 2017. Disse får vi refusjon for, og det vil vere tilsett vikarar for desse. I realiteten er desse stillingane difor rekna dobbelt i oversynet.



Årsverk og tilsette	<---- Årsverk per 31.12 ---->						<---- Tilsette per 31.12 ---->					
	2017	2016	2015	2014	Endr. 15-16	Endr. 14-15	2017	2016	2015	2014	Endr. 15-16	Endr. 14-15
Fast tilsette	432,0	388,9	388,5	352,8	43,6	35,6	525	484	480	448	45	32
Vikarar, engasjement og mellombels tilsette.	45,0	48,8	42,1	35,7	2,8	6,4	66	75	74	59	- 8	15
Lærlingar	2,9	2,3	1,7	1,1	1,2	0,6	9	7	5	3	4	2
Permisjonar - lønna og ulønna	7,6	14,3	10,4	6,8	-2,9	3,6	9	21	14	10	- 5	4
<b>Sum Meland kommune</b>	<b>487,5</b>	<b>454,3</b>	<b>442,8</b>	<b>396,5</b>	<b>44,8</b>	<b>46,3</b>	<b>609</b>	<b>587</b>	<b>573</b>	<b>520</b>	<b>36</b>	<b>53</b>

## Lærlingar

Meland hadde per 31.12.17 i alt 9 lærlingar, fordelt på desse faga:

Barne- og ungdomsarbeidarfaget:	2
Helsefagarbeidarfaget:	5
Kontor- og administrasjonsfaget:	1
Byggedriftfaget	1

## 4.2 Sjukefråvere

Resultatet for 2017 vart langt dårlegare enn i 2016 (7,1%). For kvinner låg sjukefråværet på 9,5% og for menn 7,2%. Langtidfråværet utgjer den største delen med 6,9%, resterande fråvær fordeler seg på relativt likt på kategoriane legemeldt korttidsfråvær og eigenmeldt fråvær.

Det er i særleg grad langtidsfråværet som har auka i 2017. Alle tenestekområdeleiarane analyserte tala for sitt område i rapport til arbeidsmiljøutvalet per 07.03.18. Det ser ikkje ut til å vere heilt eintydige forklaringar på den kraftige auken i sjukefråværet i 2017. I AMU-vedtaket går det m.a. fram kva tiltak rådmannen vil setje i verk i 2018 for å redusere fråværet.

Utviklinga i sjukefråvær over dei 5 siste åra. Snitt: 7,76%.

2017	2016	2015	2014	2013
9,1%	7,1%	7,6%	6,9%	8,1%

## 4.3 Personalarbeid, organisasjonsutvikling og arbeidsmiljø

Kommunen hadde i juni 2017 rådmannsskifte. Gjeldande organisasjonsstruktur med 13 tenestområde og 4 stabar heldt fram. Arbeid med organisasjonsutvikling i 2017 og framover vil handle mykje om framtida i Alver kommune. Samarbeid med tillitsvalde og også verneombod har vore sterkt vektlagd i 2017.

Kommunen sin lokale arbeidsmiljøpris for 2017 vart av IA-gruppa tildelt Marihøna barnehage. HMT-prosjektet KUTT («Korleis utagering og trugslar taklast) vart avslutta i ved årsskiftet 2017/2018. Dei involverte arbeidsplassane meinte dei hadde hatt god nytte av å delta i prosjektet.

### Lokale forhandlingar etter HTA kap. 4, pkt. 4.2.1

For stillingar i kap. 4 i hovudtariffavtalen vert hovudtyngda av lønsutviklinga fastsett av dei sentrale partar. Det var gjennom tariffoppgjera i 2016 og 2017 avsett 0,9% til lokale forhandlingar etter HTA pkt. 4.2.1 per 1.8. 2017. TBSK (Teknisk beregnings- og statistikkutvalg for kommunesektoren) hadde rekna ut midlar til lokale forhandlingar til kr 1.545.000,- Summen er basert på KS` PAI-register som består av innrapporterte tal frå kommunen. Det lokale pott-utvalet godkjente dette. Det var ikkje avtalt sentrale føringar for bruk av potten, og lokale lønspolitiske retningslinjer vart lagt til grunn

som utgangspunkt for dei lokale forhandlingane. Forhandlingane vart gjennomførte over to dagar i oktober, innanfor sentralt fastsett frist og utan brot i forhandlingane.

#### 4.4 Likestilling

80% av arbeidsstokken i Meland er kvinner og 20% er menn. Kvinner arbeider i større grad enn menn i reduserte stillingar, slik at om ein reknar årsverk så er 79% av årsverka arbeid av kvinner og 21% av menn. Sjå tabellen nedanfor for detaljar.

Kjønnsfordeling og årsverk 2017	Årsverk 31.12.17	Årsverk 31.12.16	Endring 16-17	Tilsette 31.12.17	Tilsette 31.12.16	Endring 16-17	Gj.sn. årsv. størr. 31.12.17	Gj.sn. årsv. størr. 31.12.16	Gj.sn. årsv. størr. 31.12.15
Menn	103,5	90,8	12,7	122	110	12,0	84,9%	82,6%	85,0%
Kvinner	384,0	363,5	20,5	487	477	10,0	78,8%	76,2%	75,3%
<b>Sum Meland kommune</b>	<b>487,5</b>	<b>454,3</b>	<b>33,2</b>	<b>609</b>	<b>587</b>	<b>22,0</b>	<b>80,0%</b>	<b>77,4%</b>	<b>77,3%</b>
Andel menn	21%	20%	1%	20%	19%	1%			
Andell kvinner	79%	80%	-1%	80%	81%	-1%			

Gjennomsnittleg årsverksstørrelse pr. 31.12.2017 for menn er 84,9%, opp frå 82,6% pr. 31.12.2016. Tilsvarende tal for kvinner er 78,8% pr. 31.12.2017, ei auke på 2,6% frå 2016. Totalt er gjennomsnittleg årsverksstørrelse på 80,0% per 31.12.2017. Det er bra balanse mellom kvinnelege og manlege leiarar i rådmannen i leiargruppe / tenestemrådeleiarar (6 kvinner og 7 menn). Mange kvinner i deltidsarbeid er særleg knytt til pleie og omsorg. Det er ei klar målsetjing for kommunen å innarbeide ein heiltidskultur her. Det vert elles jobba i samsvar med Plan for likestilling, inkludering og mangfald (vedteken i 2015).

## 5 Andre tilhøve

### 5.1 Internkontroll

Kommunen er p.t. inne i ein periode med overgang frå eit manuelt HMT-system til eit elektronisk. I 2017 finn ein såleis element frå begge system. Handbok og prosedyrar er tilgjengeleg på intranett gjennom portalen KF Kvalitet, medan HMT-avvika framleis vert sendt inn som fysiske dokument. Det vart i 2017 handsama 101 avviksrapportar. Hovudtyngda av rapportane i 2017 omhandla utagerande åtferd frå elevar. I det vidare arbeidet for å redusere talet på uønska hendingar med denne bakgrunnen er det planlagt å overføre erfaringane frå KUTT-prosjektet, sjå punkt 4.1.3.

### 5.2 Beredskap

Kommunen hadde i 2017 tilsyn ved fylkesmannen. Det vart gitt 3 avvik etter tilsynet. Avvik nr 1, som omhandla kommunen sitt beredskapsplanverk generelt, vil bli løyst gjennom eit eige fellesprosjekt inn mot Alver kommune, jf. eige punkt om dette. Avvik nr 2, med tema evakueringsplan og roller/ansvar i kommunal kriseleiing (KKL), skal vere lukka innan 01.07.18. Avvik nr 3, med tema opplæring og kompetansebygging, vart lukka innan fristen 31.12.17.

Det vart gjennomført 1 varslingsøving i regi av fylkesmannen, og det vart halde eitt møte i KKL (20.12.17), med tema gjennomgang av tilgjengelege ressursar dersom det skulle bli bortfall av straum i jule/nyttårshelga. Det vart gjennomført to revisjonar i Beredskapsperm for Meland kommune. BKK si prioriteringsliste ved bortfall av straum vart oppdatert.

Meland kommune har deltatt i prosjektgruppa for «Felles beredkapsprosjekt Alver kommune.» Hovudmålet med prosjektet er m.a. å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i den nye kommunen, analysere status i kvar av dei de kommunane p.t. og skissere vegen vidare. Alver kommune må vere sikra trygg og lik handsaming av uønska hendingar frå 01.01.20. I 2017 har mesteparten av arbeidet vore konsentrert rundt forprosjektet. Fylkesmannen har gitt skjønnsmidlar til arbeidet med felles beredkapsplan.

### 5.3 Interkommunalt samarbeid

Meland kommune er med i ei rekkje interkommunale samarbeidstiltak, dei fleste med nabokommunane i Nordhordland. Dei viktigaste er lista opp i tabellen nedanfor. Totalt er Meland kommune sin del av utgiftene til desse tiltaka i 2017 utgiftsført med kr 23,4 mill. i 2017.

Dei fleste av desse er Vertskommunesamarbeid etter Kommunelovens § 27 eller § 28, medan nokre er IKS - Interkommunale Selskap - etter eiga særlov. Det er også nokre avtalebaserte samarbeid som ikkje er direkte relatert til vilkår i kommunelova. Eit IKS legg fram sjølvstendige rekneskap som ikkje inngår i kommunen sin drifts- og investeringsrekneskap. Dei andre samarbeidstiltaka vil inngå i vertskommunen sin rekneskap.

Meland kommune sin del av kostnader i interkommunale tiltak			Tal i 1 000 kr	
Namn:	Vertskommune	Samarb.-form	2017	2016
Driftsassistansen i Hordaland - vann og avløp (DIHVA)	-	IKS	103	43
Interkommunal Innkjøpsordning	Bergen	avtale	116	96
Interkommunalt arkiv i Hordaland	-	IKS	362	283
Krisesenteret for Bergen og Omegn	Bergen	avtale	327	314
Lindås og Meland Brannvern	Lindås	KL § 28 b	6 424	5 946
Lindås og Meland Brannvern - Feietenesta	Lindås	KL § 28 b	1 164	1 049
Nordh. Gulen Interk. Branntilsyn (NGIB)	Lindås	KL § 28 b	702	600
Nordhordl. Gulen Interk. Renh.v. (NGIR)	-	IKS	840	895
Nordhordland digital (ND)	Radøy	KL § 27	79	175
Nordhordland IKT - drift	Osterøy	KL § 28 b	3 870	4 696
Nordhordland IKT - ført i investeringsrekneskapen	Osterøy	KL § 28 b	525	357
Nordhordland interk. legevaktssentral /ØH-D senger	Lindås	KL § 28 b	5 345	4 831
Nordhordland interkommunale legevakt døgntilbod	Lindås	KL § 28 b	-	-
Nordhordland Kemnerkontor	Lindås	KL § 28 b	993	1 089
Nordhordland Kursregion	Lindås	Organ	77	56
Nordhordland Revisjon IKS	-	IKS	915	888
Regionrådet for Nordhordland	-	avtale	1 149	1 029
Teknisk hygienisk ingeniør	Lindås	avtale	206	186
Ungdomskontakten Salto	Lindås	avtale	208	204
<b>Sum kostnad interkommunalt samarbeid</b>			<b>23 404</b>	<b>22 737</b>

## 5.4 Meland kyrkje

Kyrkjelyden har til saman 9 tilsette, fordelt på 6,8 årsverk. Av desse er prestane; 1,5 årsverk løna av bispedømmet. 5,3 årsverk er løna av soknet, ein del av innsamla midlar, noko er statlege trusopplæringsmidlar, men mesteparten er kommunalt tilskot, som i 2017 var på totalt 3,5 mill.

I tillegg til tilskotet yter kommunen diverse administrative tenester (ikkje alt er kostnadsrekna), samt at kyrkjegardsdrifta er ein del av kommunerekneskapen, bokført med kr 720.000,- i 2017.

Tenestyttingsavtalen er tilsaman kostnadsrekna til 1 225 000.

Planlegginga av ny kyrkje på Frekhaug prega arbeidet i 2017, med komitearbeid saman med representantar frå kommunen både vår og haust. I juni gjorde kommunestyret intensjonsvedtak om bygging av kyrkje med kulturdel/bibliotek. I desember vart det i budsjettet vedteke arbeidskyrkje utan kulturdel. Forhandlingane om tomte til dette bygget lukkast ikkje.

Kyrkja opplever at ordninga med tenesteytingar har fungert godt. Publikum er godt nøgd med vedlikehaldet og drifta på kyrkjegarden, som kommunen utfører som tenesteyting. Planlegginga av brannvarslingsanlegg i kyrkja vart gjort av kommunen sine tilsette og anlegget vart montert sommaren 2017. Taket på kyrkjestova (gamle kommunehuset) vart skifta ut med nytt sutak og ny skifer hausten 2017, også kosta av kommunen.

Arbeidet med å slå saman Radøy, Meland og Lindås fellesråd til Alver kyrkjelege fellesråd frå 2020 er starta, og det er nedsett ei kyrkjeleg fellesnemnd (parallell til kommunal fellesnemnd) som kom i gang med arbeidet hausten 2017.

## 5.5 Arbeid med næringsutvikling

Meland kommune har i 2017 òg arbeidd med næringsutvikling. Med utgangspunkt i Kommuneplanen frå 2015 har kommunen utarbeidd og vedteke ein eigen Næringsplan. Det blei lagt stor vekt på innspel frå næringslivet og andre aktørar, og gjennomført ei næringsssamling der deltakarar frå næringslivet jobba saman med politisk leiing.

Kommunen har òg oppretta eit Kontaktutval mellom sentrale næringsaktørar og politisk leiing, som har gjeve råd og innspel til næringsplanen og kommunens næringsarbeid. I 2017 har kommunen hatt fokus på blant anna utvikla på Flatøy, Frekhaug torg og fleira andre samarbeidsprosjekt. Kommunen følgjer òg opp gründerar og interessentar som ønskjer å etablere seg i kommunen.

## 6 Kommentarer til drift og resultat for tenesteområda i 2017

### 6.1 Adm. stab rådmann

#### Arbeidsområde

- Overordna arkivteneste/dokumentsenter/postmottak
- Sekretær for alle politiske utval, med unntak av Utval for drift og utvikl. og Ungdomsrådet
- Resepsjonen på rådhuset
- HR-funksjonen, inkl. arbeidsavtaler, all lokal lønsdanning og forvaltning av avtaleverket
- Overordna HMT-arbeid, med m.a. systemansvar for HMT-avviksbehandling, oppfølging av IA-avtalen og samhandling med bedriftshelsetenesta
- Informasjonsarbeid med drift og utvikling av kommunen si heimeside, intranett og Facebook
- Ansvar for avvikling av alle val, sjå eige punkt om Stortings- og Sametingsvalet i 2017.
- Salsløyve for alkohol, samt skjenke- og serveringssaker. Interkommunal alkoholkontroll.
- Beredskap.

Generelt er arbeidsoppgåvene retta ut mot heile kommuneorganisasjonen.

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			Tall i 1000 kr Forbruk i %
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	
2017	14,6	17,2	85 %	17 264	17 401	137	99,2 %
2016	14,7	16,9	87 %	16 320	17 649	1 329	92,5 %
Endring . 16-17	-0,1	0,3	-2 %	944	-248	-1 192	-6,7 %

Både i årsverk og tal tilsette inngår hovudtillitsvalde som er frikjøpt i samsvar med Hovudavtalen, samt vedtatt frikjøp for HVO (hovudverneombudet). Frikjøpsressurs for HTV i Fagforbundet og Utdanningsforbundet vart auka med i alt 40% stilling frå 01.08.17, dette med bakgrunn i arbeidet inn mot Alver kommune. Frå september 2017 vart det tatt inn ein kontorlærling.

#### Økonomi og drift

Rådmannskontoret er kjenneteikna av mange faste utgifter t.d. interkommunale samarbeidstiltak, juridisk bistand, personalforsikringar, pasientskade-erstatning. Det har vore lagt stor vekt på stram budsjett disiplin og kontroll gjennom året. Rekneskapen viser i sum eit mindreforbruk på kr 137 000. Rådmannskontoret opplever stor aktivitetsauke innan sine ansvarsområde. Samstundes gir meir bruk av digitale løysingar innsparingar på tidsbruk, jf. m.a. innføring av politikarportalen og SvarUt. Kontoret har eit svært lågt sjukefråvær i 2017 (0,4%).

#### Arkiv- og dokumenthandsaming

Det vart i 2017 oppretta totalt 2.955 saker i kommunen sitt sak-/arkivsystem Websak Fokus. Totalt 24.220 dokument (inngåande, utgåande, notat og saksframlegg) vart oppretta. Alle dokument vert kontrollert ved journalføring, før publisering i Innsyn. Fokusområde i 2017 har vore:

- Kartlegging av system i høve ny Personvernforordning frå mai 2018.
- Innføring av ny digital løysing - SvarUt/SvarInn – nye rutinar, opplæring.
- Prosjekt - Digitalisering Eigedomarkivet.
- Innføring av nye modular Acos eigedom og Visma Flyt PPT, møte og opplæring.
- Arbeid med elektronisk arkivplan
- Kontroll av Innsyn, behandling av innsynsførspurnader i eldre arkivmateriale i fjernarkiv

## 6.2 Økonomikontoret

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still.%	Økonomi <i>Tall i 1000 kr</i>			
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
2017	7,0	7,0	100%	9 148	9 333	185	98,0%
2016	7,3	8,0	91%	8 974	8 400	-574	106,8%
Endring . 16-17	-0,3	-1,0	9%	174	933	759	8,8%

Økonomikontoret har ansvar for rekneskapsføring og rapportering, skanning av inngående faktura, koordinering av budsjett- og økonomiplanarbeidet, lønn, sjukepengerefusjon, momsrapportering, rutinar for økonomisk internkontroll, bank og finans, låneadministrasjon, innkjøpsrutinar og oppfølging av innkjøpsavtalar (unnateke større prosjekt og investeringar), eigedomskatt, deler av faktureringsarbeidet, purring/inkasso, samt oppfølging av IKT-drifta som er sett ut til IKTNH.

Inkludert i det som er bokført på økonomikontoret i 2017 med totalt kr 9,15 mill.er kostnadar til interkommunalt kemnerkontor med kr 1,0 mill. og Meland kommune si overføring til drift av Meland Kyrkjelege Fellesråd med kr 3,5 mill. Kontoret har i 2017 innsparing i forhold til budsjett på kr 0,2 mill.

Kontoret har ved utgangen av 2017 6,0 faste årsverk. Det har i løpet av året vore stor ekstra belastning på medarbeidarane i samband med prosjekt for innføring av nye rutinar og system innan rekneskap og lønnsrådet felles for alle 10 kommunane i IKT-Nordhordland samarbeidet. 1. januar 2018 starta vi med heile økonomi- og lønssystemet i ny database, men frå same leverandør (Visma). I tillegg har vi arbeidd med førebuing til oppstart av nytt felles løns- og rekneskapskontor for Lindås, Radøy og Meland kommunar frå 1. august 2018. Det er planlagt som Interkommunalt samabeid med Lindås som vertskommune. 4 av i alt 6 årsverk ved kontoret er tenkt overført til det nye kontoret.

## 6.3 Interkommunale samarbeid

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still.%	Økonomi <i>Tall i 1000 kr</i>			
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
2017				15 121	14 731	-390	102,6%
2016				13 870	13 950	80	99,4%
Endring . 16-17	-	-		1 251	781	-470	-3,2%

På tenesteområdet interkommunale samarbeid har vi vald å plassere IKT og brann- og redningstenesta. Til saman betalar vi kr 15,1 mill. for drifta av desse områda i 2017, ei auke med kr 1,25 mill. i forhold til 2016.

### 6.3.1 IKT og telefoni

Utgifter til IKT-drift og telefoni er i 2017 på kr 7,9 mill. Av dette gjeld om lag halvparten tenestekjøp frå IKTNH, i tillegg til eigne IKT-utgifter, som lisensar, kjøp av PC-ar, datakommunikasjon, rekvisitakjøp med meir. Meland kommune har ikkje eigne driftsressursar til IKT eller telefoni, då all drift er satt ut til IKTNH. Økonomikontoret er ansvarleg for oppfølginga av avtalen og tenester levert av IKTNH, samt investeringsprosjekt innan IKT. Drift av IKT-system ligg til systemleverandørane. Sentrale brukarar av dei ulike fagsystema er tildelt superbrukarrolle der dei har fått eit særleg ansvar for oppfølging mot systemleverandørane, evt. med bistand frå IKTNH.

## Om IKTNH

Alle IKT-driftstenester i Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal er overførte til IKTNH. Også Austevoll kommune kjøper driftstenester frå IKTNH.

IKTNH sine oppgåver og plikter vert regulerte gjennom ein tenesteleveringsavtale (TLA) og ein datahandsamingsavtale med kommunane, der IKTNH er serviceleverandør av teknologiske tenester samstundes som IKTNH skal mogleggjere digital vidareutvikling innanfor dei ulike tenesteområda.

### 6.3.2 Brannvern

Består av Lindås og Meland brann og redning (LMBR) og Nordhordland og Gulen Interkommunale Branntilsyn (NGIB). Meland kommune sin del av kostnaden til LMBR i 2017 er kr 5,95 mill.

(samanlikna med kr 5,76 mill. i 2016), medan kostnaden til NGIB i 2017 har vore kr 0,6 mill. (same som i 2016).

## 6.4 Rådgevartenesta og PPT-kontoret

### 6.4.1 Rådgevartenesta

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi				Tall i 1000 kr	
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %		
2017	5,2	6,6	80 %	8 426	9 206	780	91,5 %		
2016	4,7	5,6	84 %	8 829	9 338	509	94,6 %		
Endring . 16-17	0,5	1,0	-4 %	-403	-132	271	3,0 %		

Rådgevartenesta er ei sektorovergripande gruppe direkte underlagt rådmannen med fagkompetanse innan barnehage, skule, samfunnsplanlegging, næring, samt helse, sosial, pleie og omsorg.

Rådgevarane har ulike forvaltningsoppgåver, dei delteke i prosessar kring arbeid med utvikling, fornying og omstilling innan fagområda, arbeider med ulike overordna planprosessar og gjer saksutgreiing til politisk mynde.

Totalt er utgiftene til rådgevartenesta på kr 8,4 mill i 2017, som er ein reduksjon på kr 0,4 mill i høve til 2016. Største kostnadspost er skulefagleg rådgevar sine kostnadar til gjesteelevar og elevar med særskilte behov. Næringsrådgevar sin løn vert refundert frå Meland Utbyggingsselskap AS.

### 6.4.2 PPT-kontoret

PPT-kontoret fekk ein ny pp-rådgevar i juni 2017 og har no 3,4 årsverk. Grunna mange nye saker til kontoret sommar og haust 2017 har PPT hatt noko ventetid i grunnskulen. Enkelte brukarar har opplevde saksbehandlingstid på opp mot eitt halvt år. På førskuleområdet har det ikkje vore ventetid. Kontoret har som mål å redusere ventetida for nyttilviste barn og unge.

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi				Tall i 1000 kr	
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %		
2017	3,4	3,4	100 %	2 637	2 677	40	98,5 %		
2016	2,4	2,4	100 %	1 984	2 163	179	91,7 %		
Endring . 16-17	1,0	1,0	0 %	653	514	-139	-6,8 %		

PPT har i tråd med nasjonale føringar arbeidd mot å dreie verksemda meir mot systemretta arbeid i barnehage og skule. I barnehage driv PPT prosjekt tidleg innsats og identifisering saman med spesialpedagogar i Styrka tilbod førskule og barnehagefagleg rådgevar. I samarbeid med skule har

PPT har og arbeid saman med skulane for å forbetra samarbeidsrutinane. PPT arbeider og med å vidareutvikle det systemretta arbeidet i prosjektet Eleven i kontekst i skulen.

## 6.5 Barnehagesektoren

### 6.5.1 Kommunal barnehagedrift

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			Tall i 1000 kr
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
2017	13,3	15,3	87 %	6 537	6 517	-20	100,3 %
2016	13,5	15,3	88 %	6 164	5 970	-194	103,2 %
Endring . 16-17	-0,2	-0,0	-2 %	373	547	174	2,9 %

Tenestoområdet består av Marihøna barnehage og avdeling for Styrka tilbod førskule, med ansvar for spesialpedagogar som arbeider i alle barnehagane i Meland retta mot barn med særskilte behov.

Hovedfokus er:

- Tilby eit kommunalt barnehagetilbod av høg kvalitet.
- Drive endrings- og utviklingsarbeide, for å sikre eit oppdatert og kompetent personale.

I samband med Realfagsatsinga i kommunen har vi jobba aktivt med utviklingsarbeidet «Eit reall prosjektarbeid». Målet med dette har vert å auke personalet sin kompetanse innafor prosjektarbeid og arbeid med realfaga i barnehagen. Tre assistentar frå Marihøna barnehage har starta vidareutdanning innafor Barne- og ungdomsarbeidarfaget. Dette er ei klar målformulering i Barnehageplanen sin kvalitetsdel og eit stort kompetanseløft for Marihøna barnehage.

Pedagogane i avdelinga for Styrka tilbod har hatt fokus på tidlig innsats i 2017, og har mellom anna gjeve tilbod om COS- kurs (Circle of security) til barnehagetilsette i kommunen.

### 6.5.2 Private barnehagar

#### Arbeidsområde:

- Godkjenning, tilsyn, fagleg utvikling og rettleiing innan barnehagesektoren.
- Søknad og opptak
- Sakshandsaming i politiske saker og forvaltningsteneste
- Styrka tilbod/ spesialpedagogiske vedtak
- Informasjonsteneste om barnehagane til innbyggjarane

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			Tall i 1000 kr
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
2017	2,0	3,0	67 %	83 101	83 517	416	99,5 %
2016	2,1	4,0	53 %	80 799	78 952	-1 847	102,3 %
Endring . 16-17	-0,1	-1,0	14 %	2 302	4 564	2 262	2,8 %

Av netto utgifter i 2017 på kr 83,1 mill. var kr 74,3 mill. drifts- og kapitaltilskot til private barnehagar. Per desember 2017 gjekk det i Meland kommune totalt 611 born i dei åtte private og den eine kommunale barnehagen. Kommunen har god barnehagedekning, og alle som søkte fekk plass. Det er i dag ein saksbehandlar i rådgjevarteamet som arbeidar med sakshandsaming og administrasjon innan tenestoområdet. Det er stort behov for å auke ressursane til dette arbeidet.



## Fagleg kvalitet / kvalitetsarbeid/tilsyn

Arbeid med tilsyn i 2017; To barnehagar har hatt stedleg tilsyn i 2017.

Helseteam i barnehagane; Alle barnehagane har fått tilbod frå kommune om to helseteam.

Kurs og opplæring etter sentrale føringar; Ny Rammeplan hausten 2017 og innhald og implementering av denne har vore kurstilbod til tilsette i alle barnehagane 2017.

Prosjekt tidleg innsats for barnehage går som planlagt.

Tiltak	Status
Leiarsamling for alle styrarane i barnehagen	8 samlingar
Regelsamling for barnehagesektoren	2 samlingar
Dialogmøte med barnehagane	2 samlingar

## 6.6 Grunnskulen i Meland

### 6.6.1 Diverse overordna forhold

Alle born i aldersgruppa 6-15 år har rett og plikt til grunnskuleopplæring. Opplæringa skal vera i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og læreplan (Kunnskapsløftet). Skulefritidsordninga skal gje elevane i 1. – 4. trinn eit trygt tilsyn før og etter den obligatoriske skuledagen. Born med særlege behov kan delta i ordninga til og med 7. trinn. Tilbodet følgjer ordinær skulerute.

Som ein del av skuleeigar sitt oppfølgingsansvar skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa (opplæringslova §13-10). Tilstandsrapporten skal syne lokale mål, resultat og vegen vidare på sentrale område innanfor utvikling av kvalitet i grunnskulen i Meland.

Tilstandsrapporten for 2016-17 blir lagt fram for drøfting i Utval for levkår og Kommunestyret hausten 2018.

### Nøkkeltal

Elevtal (kjelde: Udir)	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018
Grasdal skule	100	116	129	142	156
Sagstad skule	337	360	376	393	415
Vestbygd skule	175	180	194	186	200
Rosland skule	245	237	232	228	225
Meland ungdomsskule	156	154	140	132	129
SUM	<b>1013</b>	<b>1047</b>	<b>1071</b>	<b>1081</b>	<b>1125</b>
Danielsen ungdomsskule (Frekhaug)	81	131	145	140	152

Frå skuleåret 2015-2016 til 2017-2018 har det vore ein auke på 54 elevar i offentleg skule. Sagstad, Grasdal og Vestbygd skule har hatt ein auke i elevtalet. Rosland skule og Meland Ungdomsskule har hatt ein nedgang. Danielsen ungdomsskule har dei tre siste hatt større elevtal enn Meland ungdomsskule.

Indikator og nøkkeltall	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18
<b>Lærertetthet 1.-7. trinn</b>					
Meland kommune	12,8	13,2	12,5	11,9	11,3
Hordaland fylke	13,4	13,5	13,4	13,4	13,2
Nasjonalt	13,3	13,4	13,4	13,4	13,0
Indikator og nøkkeltall	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18
<b>Lærertetthet 8.-10. trinn</b>					
Meland kommune	13,6	13,1	13,4	12,6	12,0
Hordaland fylke	14,7	14,7	14,9	14,9	15,0
Nasjonalt	14,3	14,3	14,2	14,2	14,4
<b>Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning</b>					
Meland kommune	100,0	100,0	99,9	99,9	99,0
Hordaland fylke	99,1	98,9	98,8	98,3	98,4
Nasjonalt	97,0	97,0	96,4	95,9	95,9

Indikatoren *lærartettleik* (1.-7. trinn og 8.-10 trinn) vert berekna med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa.

Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og timar til særskilt norskopplæring for språklege minoriteter. Årsak til lågare størrelse på gjennomsnittleg undervingsgruppe for skulane i Meland er knytt til språkdelling (som gjev mindre fleksibilitet) og spesialundervisning. Del av undervisning gitt av undervisningspersonell med godkjent utdanning er høg i Meland.

### **Kompetanse**

I 2016-17 har alle skulane lærarar på vidareutdanning. Til saman er det 12 som tar vidareutdanning med faga matematikk (3 stk.), naturfag (1 stk.) norsk (3 stk.), engelsk (3 stk.), tilpassa opplæring (1 stk.) og spesialpedagogikk (1 stk). Ni har vikarordninga og tre har stipendordninga.

Gjennom det kommunale realfagnettverket som er etablert i kommunen får pedagogar og skule- og barnhageleiar rettleiing frå Høgskule på Vestlandet. Det er etablert eit lærande nettverk mellom ungdomsskulane i regionen.

### **Læringsresultat**

Grunnskolepoeng er gjennomsnitt frå alle avsluttande karakterar som vert ført på vitnemålet. Tabellen under viser gjennomsnittleg grunnskolepoeng samla for kommunen, fylket og landet.

Indikator og nøkkeltall	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17
<b>Grunnskolepoeng, gjennomsnitt</b>					
Meland kommune	42,8	43,4	⚡ 40,9	43,0	42,9
Hordaland fylke	40,2	40,7	⚡ 41,3	41,5	41,7
Nasjonalt	40,0	40,3	⚡ 40,7	41,1	41,4

Meland kommune, Grunnskole, Grunnskolepoeng, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Frå og med skuleåret 2014-2015 inngår standpunktkarakteren i valfag i utrekninga av grunnskolepoeng. Meland kommune har dei siste åra lagt over nivå for fylket og nasjonalt nivå. Nasjonale prøver i lesing og i rekning skal kartlegge i kva grad elevane sine ferdigheiter er i samsvar med mål for dei grunnleggjande ferdigheitene lesing og rekning, slik dei er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i læreplanen Kunnskapsløftet (LK06).

Indikator og nøkkeltall	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18
<b>Engelsk &gt;</b>				
Meland kommune	49 (1,9)	46 (1,7)	48 (1,7)	48 (1,7)
Hordaland fylke	49 (0,3)	49 (0,3)	49 (0,2)	50 (0,2)
Nasjonalt	50 (0,1)	50 (0,1)	50 (0,1)	50 (0,1)
<b>Lesing &gt;</b>				
Meland kommune	48 (1,9)	47 (2,2)	49 (1,7)	50 (1,8)
Hordaland fylke	50 (0,2)	49 (0,3)	49 (0,3)	50 (0,2)
Nasjonalt	50 (0,1)	50 (0,1)	50 (0,1)	50 (0,1)
<b>Regning &gt;</b>				
Meland kommune	49 (1,9)	46 (1,7)	48 (1,5)	51 (1,8)
Hordaland fylke	50 (0,2)	50 (0,2)	50 (0,2)	50 (0,2)
Nasjonalt	50 (0,1)	50 (0,1)	50 (0,1)	50 (0,1)

Meland kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Offentlig, Trinn 5, Begge kjønn

Tabellen over viser resultat frå nasjonale prøve 5. trinn dei siste fire åra. Meland ligg over nasjonalt snitt i rekning og på nasjonalt nivå i lesing. Den målratta innsats på lesing og realfag kan være ein årsaksforklaring. Ein treng likevel fleire år med gode resultat for at endringar skal kunne tolkast som signifikant.

Indikator og nøkkeltall	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18
<b>Lesing &gt;</b>				
Meland kommune	53 (2,3)	52 (2,0)	55 (2,3)	47 (1,8)
Hordaland fylke	53 (0,3)	53 (0,3)	54 (0,3)	53 (0,3)
Nasjonalt	54 (0,1)	53 (0,1)	54 (0,1)	54 (0,1)
<b>Regning &gt;</b>				
Meland kommune	52 (2,2)	52 (2,3)	53 (2,1)	51 (2,1)
Hordaland fylke	53 (0,3)	53 (0,3)	54 (0,3)	54 (0,3)
Nasjonalt	53 (0,1)	54 (0,1)	54 (0,1)	54 (0,1)

Meland kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver ungdomstrinn, Offentlig, Trinn 9, Begge kjønn

Tabellen over viser resultat frå nasjonal prøve 9. trinn fordelt på faga lesing og rekning. Nivå for lesing og rekning ligg under nivå for fylket og landet.

### Læringsmiljø

Skuleporten (Udir) presenterer data om læringsmiljø henta frå elevundersøkinga som vert gjennomført kvar haust. Delskår på trivsel for 7. trinn er lik nivå for fylket og landet.

Delskår	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18
<b>Trives du på skolen?</b>					
Meland kommune	4,2	4,3	4,5	4,4	4,3
Hordaland fylke	4,3	4,3	4,4	4,3	4,3
Nasjonalt	4,4	4,4	4,4	4,4	4,3

Meland kommune, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Trivsel, Offentlig, Trinn 7, Begge kjønn

Delskår	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18
<b>Er du blitt mobbet av andre elever på skolen de siste månedene? (prosent)</b>					
Meland kommune	5,8	4,4	4,3	7,7	6,1
Hordaland fylke	5,4	4,9	4,7	4,7	4,9
Nasjonalt	5,3	4,7	4,5	5,5	5,8
<b>Er du blitt mobbet av voksne på skolen de siste månedene? (prosent)</b>					
Meland kommune					*
Hordaland fylke					1,4
Nasjonalt					1,6
<b>Er du blitt mobbet digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månedene? (prosent)</b>					
Meland kommune					3,0
Hordaland fylke					1,7
Nasjonalt					2,0

Meland kommune, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, Trinn 7, Begge kjønn

Meland kommune har hatt ei nedgang frå 2016-2017 til 2017-2018 når det gjeld prosentdel elevar på 7. trinn som fortel at dei vert mobba av andre.

Delskår	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18
<b>Er du blitt mobbet av andre elever på skolen de siste månedene? (prosent)</b>					
Meland kommune	5,8	8,0	6,3	10,4	5,8
Hordaland fylke	5,2	4,7	3,7	5,4	5,8
Nasjonalt	5,0	4,7	4,2	5,1	5,6
<b>Er du blitt mobbet av voksne på skolen de siste månedene? (prosent)</b>					
Meland kommune					6,3
Hordaland fylke					4,5
Nasjonalt					3,8
<b>Er du blitt mobbet digitalt (mobil, iPad, PC) de siste månedene? (prosent)</b>					
Meland kommune					*
Hordaland fylke					3,1
Nasjonalt					3,1

Meland kommune, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Mobbing på skolen (prosent), Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Meland kommune har hatt ei nedgang frå 2016-2017 til 2017-2018 når det gjeld prosentdel elevar på 10. trinn som fortel at dei vert mobba av andre. Del som fortel at dei vert mobba av voksne er høg (6.3) samanlikna med fylket og landet.

### **Felles mål- og strategidokument (handlingsplan) for skulane**

Kommunen har laga eit felles mål- og strategidokument (handlingsplan) for skulane. Felles vedtekne mål for skulane i planperioden 2018-2020 er:

- *Betre resultat på nasjonale prøvar i lesing over fylkesnivå etter 2015*
- *Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i både lesing og rekning*
- *Nullvisjon på tal elevar som opplever mobbing på skulen.*

Strategiar for å nå måla er:

1. Satsing på «Trygt og godt skule- og oppvekstmiljø»
2. Satsing på realfag
3. Satsing på språk og lesing
4. Satsing på tidlig identifisering og innsats (tilpassa opplæring og spesialundervisning)

## Internkontroll

Kommunen har laga eige system for internkontroll felles for alle grunnskulane. Som skuleeigar er kommunen iht. Opplæringslova § 13-10 pålagt å ha eit system for å vurdere om krava i regelverket vert følgt og å følgje opp eventuelle avvik.

### 6.6.2 Grasdal skule

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			Tall i 1000 kr
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
2017	24,3	27,5	89 %	13 490	13 299	-191	101,4 %
2016	25,1	29,4	85 %	12 277	12 445	168	98,7 %
Endring . 16-17	-0,8	-1,9	3 %	1 213	854	-359	-2,8 %

Grasdal skule er ein 1. til 7. trinn skule med 156 elevar. Året vart prega av byggeperioden for nybygg og ombygging. Vi kan konkludere med at det gjekk fint etter forholda. Vi hadde brakkemodul på skuleplassen for 3 midlertidige klasserom og eitt grupperom. Vi hadde arbeidsplass til to lærarar på personalrom, og mykje rot og støy rundt oss gjennom heile året. Skuleområdet vart svært begrensa, og vi organiserte aktivitet i friminutt i skogen og ballbingen. Vi hadde ny og fin skuleplass ferdig og kunne flytte inn i nye klasserom og spesialrom til skulestart i august. Ombygginga var ikkje ferdig før i slutten av oktober, så alle klassane hadde ikkje skikkeleg klasserom før i oktober. Vi hadde ein flott jubileumsfest og samstundes opningsfest 2.november, og feira at skulen var 30 år og ny. Vi har no ei flott personalavdeling og rom nok til alle.



Auke i talet på tilsette og årsverk er finansiert delvis med statleg tilskot til *Tidleg innsats*. Vi fekk auka budsjetttramma i 2017 til å dekke ei ny lærarstilling som følgje av større elevtal i 1.klasse, deling etter målform, behov for spesialundervisning til ny elev og til grunnleggjande norsk.



Vi brukar Leselos og lokal Leseplan som program og verktøy i undervisninga. Vi har jobba med tilpassa opplæring og betre kartlegging av elevane sitt utbyte av opplæringa. Vi opplever at fleire elevar har store åtferdsvanskar, og det krev mykje tilrettelegging og vaksenressursar.

Vi arbeider med *Zippy*- eit program for psykisk helse i skolen. Dette som ledd i systematisk arbeid med barna sin sosiale kompetanse. Dette arbeidet er ein viktig faktor i Zero-arbeidet vårt, for nulltoleranse mot mobbing. Hausten 2017 hadde vi sterkt fokus på endringa av Opplæringslova §9a-4, Trygt og godt skulemiljø, og laga rutinar for varsling og Tiltaksplan.

Satsinga på realfag har på Grasdalen resultert i utforskande og undersøkinge læringsmetodar, fokus på dialog og språk i klasserommet, og ekskursjon til Vil vite for 6. og 7.trinn. 6.trinn fekk 2.plass i fylkesfinale 2017 i smartcamp (Ungt Entreprenørskap).

Elevundersøkinga for hausten 2017 viser ein liten auke i andel elevar som svarar at dei vert mobba. Skulen har laga fleire handlingsplanar for trygt og godt skulemiljø. Positiv forsterkning og felles ansvar for elevane sitt læringsmiljø er vår pedagogiske plattform.

### 6.6.3 Meland Ungdomsskule og vaksenopplæring

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Tall i 1000 kr Forbruk i %
2017	25,7	29,4	87 %	16 223	16 170	-53	100,3 %
2016	23,5	29,3	80 %	15 309	16 639	1 329	92,0 %
Endring . 16-17	2,2	0,1	7 %	914	-469	-1 383	-8,3 %

#### Meland vaksenopplæring

Meland vaksenopplæring (VO) tilbyr undervisning til vaksne som har rett etter § 4 A-1 og § 4A-2 i Opplæringslova. Det er tre lærarar og ein logoped tilsett i VO, fordelt på 1,57 årsverk. Timetildeling til elevane er lågare ettersom fleire elevar sluttar i VO enn det kjem nye til. Førre skuleår kjøpte Radøy kommune elevplass, no er denne avtalen avslutta. VO har også skuleåret 2017-18 gjeve tilbod om logopedtenester for vaksne. VO samarbeider med GLØDE i oppfølginga av fleire elevar.

#### Meland ungdomsskule

Meland ungdomsskule har 133 elevar skuleåret 2017-18. Det er venta auke i elevtalet på sikt, men samstundes er tala usikre ettersom eit ulikt tal elevar vel Danielsen skule kvart år. Skulen har 27 tilsette, der fire av dei er assistentar/barne- og ungdomsarbeidarar og ein merkantilt tilsett. Lærarane har høg utdanningsgrad. For 2017 hadde skulen eit lite overforbruk. Årsaka er kostbare tiltak kring einskildelevar og arbeid med å sikre trygt og godt skulemiljø.

Skulen deltek i dei kommunale satsingsområda lesing og realfag. Skulen har lagt vekt på Zero-tema gjennom mobbeundersøkingar og aktivt førebyggingsarbeid, som og inkluderer dei utfordringane som gjer seg gjeldande i fritida til elevane. Vi har dei siste åra prioritert obligatorisk kveldsskule for alle elevar og foreldre der ulike førebyggingsperspektiv er tema. Dette er kostnadskrevjande arrangement, men er ønska i FAU og vurdert både av foreldre, skule og samarbeidsetatar som nyttig ressursbruk.

Meland ungdomsskule har ikkje gymsal eller anna lokale som rommar alle elevane, og vi kan ikkje ha fellessamlingar med alle elevane eller arrangement der heile skulen samla. Skulen har difor prioritert å leige lokale i Folkehøgskulen og Meland Aktiv ved ulike arrangement for 2017, noko som medfører ein ekstrakostnad.



## 6.6.4 Rosslund skule

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Tall i 1000 kr Forbruk i %
2017	42,6	49,9	85 %	24 562	24 711	148	99,4 %
2016	40,4	48,1	84 %	24 101	24 349	248	99,0 %
Endring . 16-17	2,2	1,8	2 %	461	362	-100	-0,4 %

Rosslund skule er ein 1 til 10-skule, der ungdomstrinnet får elevar frå både Rosslund og Vestbygd skule. Skulen har totalt 225 elevar, ein nedgang på 3 frå året før. Vi har plass til fleire elevar på alle klassetrinna. Årsaka til synkende elevtal på småtrinnet er at det vert bygd lite nye bustadar i krinsen, som følgje av manglande kapasitet på vegen ut til Vikebø. Det er gledeleg at det er sett i gang reguleringsarbeid for bustadar på Rylandshøgda, og vi håpar på vekst i folketalet i krinsen.

Ungdomstrinnet mister kvart år nokre elevar til Danielsen ungdomskule på Frekhaug, dei fleste av desse er elevar frå Vestbygd skulekrins.

Vi er glade for at bassenget på skulen i løpet av året vart opna att etter rehabilitering, og at naudsynt rehabilitering av garderobeanlegget er i gang. Skulen satsar på lesing som grunnleggjande ferdigheit på alle trinn, og fokuset har vore på lesestrategiar og omgrepsforståing. Skulen har sett dette prosjektet saman med realfagssatsinga, og vi arbeider med å tilnærma oss lærestoff på ein meir undrande og utforskande måte. Vi deltar i kommunale og regionale nettverk i samband med desse utviklingsprosjekta. Etter lovendring arbeider skulen med ny plan for sosial samhandling som også skal innehalda plan og mål for arbeidet med eit godt psykososialt miljø på skulen.

Skulen har tradisjonar for å arbeide med sceniske framsyningar. Ei utfordring vi har, er at vi ikkje har turvande musikkrom der vi kan spele og danse utan at det uroar andre klassar si undervisning. Dette er ikkje optimalt verken for musikkundervisninga eller realfaga.

## 6.6.5 Sagstad skule

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Tall i 1000 kr Forbruk i %
2017	60,4	69,0	88 %	31 436	31 463	27	99,9 %
2016	54,7	62,7	87 %	28 152	28 703	551	98,1 %
Endring . 16-17	5,7	6,3	0 %	3 284	2 760	-524	-1,8 %

Sagstad skule er ein 1 til 7 skule med ca. 416 elevar og ca 70 tilsette. Talet på elevar og klassar er framleis aukande og vil nok gjere det nokre år til enda før vi ser for oss at klassetalet stabiliserer seg medan elevtalet nok framleis vil auke. Skulen hadde eit mindreforbruk på kr 27.000,- i 2017.

Det siste året har skulen hatt fokus på kompetanseheving i høve til Leselos og Språkløyper. Denne kompetansehevinga har vore nyttig med høve på å følgje den kommunale leseplanen. Sagstad skule har innført ei realfagsveke både vår og haust får å vidareføre det arbeidet som så langt er gjort i realfagsnettverk. Skulen har og hatt som langsiktig mål at resultatane på nasjonale prøvar skal bli betre. Dei siste to åra syner ei positiv utvikling på det området. Skulen har og prioritert kompetanseheving i samband med endringane i Opplæringslova §9A om eit trygt og godt miljø.

Det største prosjektet det siste året har vært ei endring frå spesialundervisning til betre tilpassa opplæring, gjort i samarbeid med PPT. Vi ser i prosjektet meir på behova til kvar ein skild elev og omdisponert ressursar frå spesialundervisning til det ordinære opplæringstilbodet for at fleire elevar skal ha utbyte av det ordinære opplæringstilbodet. Andelen elevar som får spesialundervisning er redusert frå 8,4% til 5,3% noko vi seier oss svært nøgd med.

Også i år har den største utfordringa vore utbygginga av skulen og flyttinga av 11 klassar til mellombelse klasserom i brakkene ved Meland Aktiv. Dette har gjort at vi har hatt svært utfordrande arbeidstilhøve for dei tilsette, noko som har resultert i auka sjukefråvær. I midten av november flytta dei fleste klassane inn i nybygget. Berre 7. trinn var igjen i brakkene i påvente av at siste del av skulen skulle bli ferdig. Planlagt overtaking av heile skulen er sett til 19. mars 2018.

I 2018 kjem skulen til å ha fokus på å drive enda betre tilpassa opplæring og har no eit tettare samarbeid med PPT rundt kompetansehevinga i personalet på dette området. Vi kjem og til å jobbe vidare med satsinga på realfag, og vi ser og eit stort behov for kompetanseheving innafør bruk av digitale verktøy.

### 6.6.6 Vestbygd skule

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still.%	Økonomi			Tall i 1000 kr
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
2017	35,1	42,0	84 %	18 154	18 258	104	99,4 %
2016	32,8	37,9	87 %	16 906	16 759	-147	100,9 %
Endring . 16-17	2,3	4,1	-3 %	1 248	1 500	251	1,4 %

Vestbygd skule er ein barneskule med 200 elevar (auke på 14 frå åre før) og 42 tilsette.

Vi har språkdelling på 6 av 7 trinn, slik at ein har mindre fleksibilitet i høve til gruppeorganisering, men nokre av trinna er så store at vi måtte delt sjølv om vi ikkje hadde språkdelling.

Skulen har dette skuleåret opna opp for foreldretilgang til vurdering i Visma flyt. Personalet har brukt ein god del tid i fellesskap på å førebu dette slik at informasjonen skal vere så god som mogeleg. Vi har også hatt fokus på realfagssatsinga og Tidleg innsats 1.-4.kl. Elles syner elevundersøkinga i 2017 at elevane våre trivst godt og at vi har låge mobbetal. Vi må framleis ha nullvisjon når det gjeld mobbing, og vi må ha eit kontinuerleg fokus på dette. Skulen brukar antimobbeprogrammet Zero som eit verktøy for å førebyggja, avdekkja og stoppa mobbing. Vi har brukt mykje tid på ny §9a i Opplæringslova om Trygt og godt skulemiljø. Skulen har i 2017 auka opp timetalet til symjeundervisning slik at det no er fire trinn som gjennomfører dette.

Skulen hadde eit mindreforbruk på kr 104 000 i 2017. Skulen hadde i 2017 ca 35 årsverk. Det har vore ein auke dei siste åra som følgje av styrking av tilbod til elevar med spesielle behov og satsinga «Tidlig innsats 1.-4.kl.». Ein av stillingane er knytt opp til arbeid med nye flyktingar hausten 2017.

Vi har i 2017 hatt tilsyn på inneklima på skulen. Det blei i etterkant av dette gjort målingar på luftkvalitet i alle delar av





bygget med gode resultat. Vi har elles fått drenert/steinsett ein del av uteområdet vårt der det før var mykje blautmyr slik at dette no kan brukast til aktivitet. 20-årsjubileet vårt vart markert i september 2017 saman med elevar, foreldre, tilsette og inviterte gjestar. Ordførar Øyvind Oddekalv planta eit tuntre saman med representantar frå elevrådet.

## 6.7 Helse

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			Tall i 1000 kr
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
2017	37,8	44,5	85 %	26 775	27 489	715	97,4 %
2016	33,4	41,7	80 %	26 175	26 388	212	99,2 %
Endring . 16-17	4,4	2,8	5 %	599	1 102	502	1,8 %

Tenestekområde har mindreforbruk på kr 715.000,- i 2017.

### Arbeidsområde:

- **Legetenester.**

Består av både kurativt og offentleg legearbeid. Den kurative delen inneheld fastlegetenestene, legevakt i kommunen på dagtid og gjennom interkommunalt samarbeid døgnet elles. Det offentlege legearbeidet er tenester til Meland sjukeheim, heimetenesta, helsestasjon, skulehelsetenesta og psykososialt kriseteam.

Pr desember 2017 har 9 legar fastlegeavtale med kommunen. Fleire har deltidsavtale.

8 av legane er spesialist i allmenmedisin, medan 1 er spesialist i barnesjukdomar.

I tillegg vert det utført Samfunnsmedisinske legetenester, mellom anna kommuneoverlegefunksjonen, der sentrale arbeidsfelt er smittevern, miljøretta helsevern, planarbeid, beredskapsfunksjonar og arbeid med folkehelse. Helsetenesta tek del i ei rekke interkommunale samarbeidsorgan og samarbeid med sjukehusa. Viktige oppgåver i 2017 har vore oppfølging og førebuing av revisjon av samarbeidsavtalar om fødselshjelp, pandemi, kommunale døgnseiger og psykisk helsevern.

- **Psykisk helseteneste og rusvern for personer > 18 år.**

Området er styrka dei siste åra gjennom statlege øymerka tilskot. Om lag 150 innbyggjarar fekk bistand i 2017. 40 av desse omfattande og koordinerte tenester. Kommunen overtek ansvaret for stadig dårlegare pasientar etter kvart som døgnplassar i spesialisthelsetenesta vert redusert. Kommunen har og eit psykososialt kriseteam. Avdeling for psykisk helse og rus har 8,3 faste stillingar + 2 engasjementstillingar. Av desse årsverka er 3 knytt til rustenesta. Alle tilsette har relevant høgskuleutdanning med vidareutdanning innan psykisk helsearbeid.

- **Helsestasjons- og skulehelseteneste.**

Tenesta omfattar lovpålagd arbeid frå lege, helsesøster og jordmor innan svangerskapsoppfølging, barseloppfølging, barnekontrollar og vaksinasjonsprogram. Helsesøster er tilstades på alle 6 skulane, og helsesøster og lege tek del i skulehelseteam. Dette området vart styrkt noko i 2017 gjennom statlege tilskot.

I 2017 vart det fødd 103 barn i Meland, ein nedgang frå tidlegare år. Samstunder er det framleis tilflytting, slik at det er auke i talet på born som vi skal levere tenester til. Det er utført 497 ordinære helsekontrollar i barnekontrollprogrammet. I tillegg kjem vaksinasjonar og oppfølgjande kontrollar, ulike gruppetilbod, oppfølging av flyktningar mv.

Vi har 5,4 årsverk helsesøster og 0,7 årsverk helsesekretær.

- **Fysioterapitenester.**

Vi har fysioterapitilbod til pasientar ved Meland sjukeheim, tilbod til heimebuande med rehabiliteringsbehov, og til barn og unge med særskild behov for habilitering og rehabilitering. Vidare har kommunen avtale med fysioterapeutar om ordinær klinisk drift. Frå januar 2017 er det etablert ein ny 50% avtalepraksis i Frekhaug. Frå februar 2017 er det tilsett fysioterapeut i engasjement knytt til skulane (gjennom tilskotsmidlar).

- **Ergoterapitenester.**

Ergoterapeut bidrar ved behov for hjelpemiddel og i det tverrfaglege arbeid innan kvardagsrehabilitering. Auke i arbeidsoppgåver og folketal gjer at det er kapasitets-utfordringar for denne tenesta. Ergoterapeut har skreve 159 søknadar og 400 oppfølgjande skjema, gjort 42 heimebesøk, 38 funksjonstreningar, samt teke ansvar for opplæring mm.

Ytterlegare nøkkeltal (tal for 2016 i parantes):

Tal aktive brukar: 790 (767). Tal nye brukarar med utleverte hjelpemiddel: 199 (177)

Tal på utleverte hjelpemiddel: 1501 (1246) Tal på innleverte hjelpemiddel: 702 (465)

Samla verdi for utleveringar: kr 6,16 mill. (kr 5,0 mill.)

Tenesteområdet totalt sett har auke i årsverk og tilsette knytt til helsestasjon, skulehelse og psykisk helsearbeid som er finansiert direkte gjennom ulike tilskotsordningar i statsbudsjettet. Ved inngangen til 2017 var kapasiteten i fastlegetenesta for låg til å sikre fastlege for alle innbyggjarar som ønskte det. Det er i 2017 etablert ny fastlegeheimel i kommunen. Dette tiltaket har ingen netto kostnader, men er finansiert gjennom eigenbetaling og refusjonar. Legevakt og akuttsenger 24/7 er etablert i Knarvik gjennom interkommunalt samarbeid. Kommunen har fått tildelt tilskot til kommunepsykolog, men rekruttering har vore utfordrande. Tilsetning planlagt i 2018.

*Tal ordinære fastlegekonsultasjonar:*

	Helsenaustet legepraksis	Frekhaug legesenter
2015	5.490	12.865
2016	5.817	12.448
2017	5.987	12.529

## 6.8 NAV / sosiale tenester

### Arbeidsområder

- Betre levekår for vanskelegstilte
- Bidra til høgare sysselsetting, låg ledighet og eit inkluderande arbeidsliv
- Tett oppfølging av personar som står utanfor arbeidsliv med fokus på ungdom under 24 år.
- Flyktingar skal integrerast i ordinære bumiljø. Målet er at busette flyktingar skal klare seg sjølve etter gjennomført introduksjonsprogram.

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still.%	Økonomi			Tall i 1000 kr Forbruk i %
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	
2017	9,8	11,0	89%	11 204	12 284	1 080	91,2 %
2016	10,4	13,0	80%	10 025	11 950	1 925	83,9 %
Endring . 16-17	-0,6	-2,0	9%	1 178	334	-844	-7,3 %

Resultatet i 2017 er betre enn budsjettert med kr 1.080.000,-. Dette skuldast i hovudsak ikkje budsjetterte inntekter knytt til refusjon for ressurskrevjande tenester, fordeling av personal-kostnader mellom kommunen og NAV Stat, samt tenester ytt til nabokontor.

Det har vore ein nedgong i talet på heilt ledige frå januar 2017 til januar 2018. I januar 2017 utgjorde heilt ledige i Meland 4,3 % av arbeidsstyrken og i januar 2018 var talet nede i 2,6 %. Meland har ikkje auke i talet på innbyggjarane som fekk sosial stønad frå 2016 til 2017. Utbetaling av sosialstønad er lågare i Meland enn i andre kommunar det er naturleg å samanlikne seg med. Meland har likevel hatt ein auke i utbetaling av sosialstønad på nær 10 % frå 2016 til 2017. Ein del av auken skuldast at personar som går ut av introduksjonsordninga treng supplering ein periode. Det er få personar som i 2017 har hatt sosialstønad som einaste inntekt.

### **Fagleg kvalitet/kvalitetsarbeid/tilsyn**

NAV har eit eige kvalitetssystem for måling. «Målekortet» viser dei prioriterte indikatorane for 2017.

Navn	Meland	Mål (fastsatt sentralt)
Andel arbeidssøkere og personer med nedsatt arbeidsevne under 30 år med oppfølging siste 3 måneder	87 %	85 %
Andel med gradert sykemelding ved passering 12 uker	42 %	42 %
Andel arbeidssøkere med overgang til arbeid	73 %	63 %
Andel personer med nedsatt arbeidsevne med overgang til arbeid	48 %	42 %
Andel virksomheter som har fått arbeidsmarkedsbistand fra NAV	41,5 %	20 %
Andel gjennomførte dialog 2 innen 26 uker	77 %	80 %

Dersom ein legg NAV sitt indikatorsystem til grunn, er Meland det kontoret i Hordaland som har høgast arbeidsgjevarkontakt i 2017.

Fylkesmannen har gjennomført to tilsyn ved NAV Meland i 2017. Vi fekk ingen avvik når det gjaldt «Kommunen si forvaltning av introduksjonsordninga. Fylkesmannen fann eit avvik når det gjaldt sosialstønad til personar mellom 17 og 23 år der Fylkesmannen vurderer at søknader til personar mellom 17 og 23 år ikkje vert avgjort etter ei konkret og individuell vurdering. Avviket er retta opp.

### **Brukarar**

Brukargruppe	2017	2016	2015	2014
Antal brukarar som mottok sosialhjelp	194	192	175	204
Andel av innbyggjarane som mottok sosialhjelp	2,4%	2,4%	2,2%	
Unge einslege under 25 år som mottok sosialhjelp	21	22	24	21
Einslege med born som mottok sosialhjelp	44	47	37	49
Arbeidsløysa i januar	2,6% (jan. 18)	4,3 % (jan 18)	3,9% (jan 2018)	3,4 % (jan 2018)

Talet på unge under 25 år som mottar sosialstønad er om lag likt som året før. Unge som søker sosialhjelp er brukarar vi er særmerksame på. Det er viktig å hindre at brukarar generelt og ungdom spesielt ikkje vert passive mottakarar av stønader. Vi set vilkår til unge ledige. I januar 2017 starta NAV Meland «Aktiv jobb» som er eit lavterskeltilbod der unge kan arbeide for ytinga si.

NAV vil arbeide både med sjølve brukarmøtet og prøva å ver tydeleg på kva den enkelte kan vente av NAV og kva NAV kan vente av den enkelte.

### Utviklingsoppgåver

Ungdomsarbeidsløyse er urovekkande sjølv om den er redusert frå 2016 til 2017. Vi er tett på ungdom og har etablert eit stramt «regime» for å fylgje opp ledige ungdomar. Vi har gode erfaringar med «ung jobb» og har fått eit breiare tilbod etter at vi starta «aktiv jobb». I statistikken over ledige ungdommar har Meland få ungdommar som vert klassifisert som «langtidsledige».

Kommunen skal tilby eit fulltidsprogram i introduksjonsprogrammet for flykningar. Vi kjøper tre dagar med norskundervisning av Lindås læringssenter. Dei to andre dagane skal deltakarane vera i språkpraksis. Det er ein utfordring å skaffe nok språkpraksisplassar. Vi har eit godt samarbeid med frivilligsentralen med mellom anna lekseverkstad på NAV dei dagane deltakarar i introduksjonsprogrammet ikkje har norskundervisning eller språkpraksis. Manglande språkkunnskap er det største hinderet for å få jobb og lekseverkstaden er eit nyttig tiltak.

Meland busette mange personar med flyktningbakgrunn i 2015 og 2016. Kommunen skal sikre at våre busette flykningar etter å ha gjennomgått introduksjonsprogrammet er økonomisk sjølvstendige og godt integret i samfunns- og arbeidsliv. Mange går no ut av introduksjonsprogrammet og det er ei hovudsatsing for oss å bistå desse vidare i arbeid eller utdanning. Vi ser og at ein del ikkje klarar å nyttiggjere seg programmet like godt og vi vil arbeide for alternative opplegg til desse, i tillegg til å forbetre sjølv introduksjonsprogrammet og oppfylginga i etterkant av dette. Tiltaka «Ung jobb» og «Lekseverkstad» gjer at vi brukar mottaksromma til NAV aktivt utanom ekspedisjonstida. Dette er i tråd med NAV sine føringar der NAV skal bruke meir tid på grupper og personar som treng bistand for å kome i arbeid framfor grupper og personar som kan klare seg sjølv.

## 6.9 Barnevern

### Arbeidsområde

- Sikre at barn som lever under tilhøve som kan skade deira helse og utvikling får støtte og hjelp
- Bidra til at barn får trygge oppvekstvilkår.
- Dersom barn ikkje får tilstrekkeleg hjelp og god nok omsorg kan barnevernet overta omsorga.

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			Tall i 1000 kr Forbruk i %
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	
2017	9,0	9,0	100 %	13 930	12 674	-1 256	109,9 %
2016	7,7	8,0	96 %	13 097	10 190	-2 907	128,5 %
Endring . 16-17	1,3	1,0	4 %	833	2 484	1 651	18,6 %

Kommune	Funksjon	2013	2014	2015	2016	2017
Meland	Brutto driftsutg. pr. barn som bur heime (251)	23 104	7 073	14 889	7 761	9 115
	Brutto driftsutg. pr. barn som er plassert (252)	257 000	260 875	327 524	472 750	364 038
Lindås	Brutto driftsutg. pr. barn som bur heime (251)	42 112	37 881	36 761	39 583	44 056
	Brutto driftsutg. pr. barn som er plassert (252)	445 552	448 774	497 328	490 726	690 095
Gjerdrum	Brutto driftsutg. pr. barn som bur heime (251)	9 306	38 581	34 482	35 773	61 080
	Brutto driftsutg. pr. barn som er plassert (252)	227 050	378 938	316 765	390 000	327 400
Sogndal	Brutto driftsutg. pr. barn som bur heime (251)	22 167	35 943	33 047	63 212	25 049
	Brutto driftsutg. pr. barn som er plassert (252)	454 714	366 421	529 556	274 294	228 000

### **Nøkkeltal og drift**

Det er utfordrande å budsjettere barnevernsområdet. Meirforbruket på kr 1,3 mill. i 2017 skuldast fleire plasseringar og auka kjøp av tiltaksplassar. KOSTRA-tala syner likevel at utgiftsnivået i tenesta er moderat samanlikna med andre kommunane i vår kommunegruppe. Vi må rekne med ei auke i netto utgiftsnivå i åra som kjem, grunna bortfall av statleg finansiering til tiltak. Tenestområdet har for låge rammer med det omfanget av saker som vi no har.

Sjølv om vi har eit relativt lågt utgiftsnivå meiner vi at kvaliteten på tenestene og det faglege nivået i tenesta er godt, med eit personale som har god kompetanse og lang røynsle på fagfeltet. Den hjelpen vi kan gje står likevel ikkje alltid i forhold til det behovet for hjelp som vi ser.

<b>Meldarar</b>	<b>2017</b>
Privat/foreldre	10 %
Barnehage	18 %
Barnevern	6 %
Lege/sjukehus	11 %
BUP	6 %
Skule/PPT	17 %
Helsestasjon	6 %
NAV	5 %
Politi	21 %
<b>Sum</b>	<b>100 %</b>

### **Meldingar**

Talet på meldingar var 133 i 2017, det er om lag det same som året før. Av offentlege meldarar er det politi, skule og barnehage som har meldt flest saker. Vi ser og at barnevernet ofte vert trekt inn i pågåande samverkekonfliktar.

## **6.10 Meland sjukeheim**

### **Arbeidsområde**

Meland Sjukeheim har i 2017 hatt eit særleg utfordrande år med stort press på tenesta. Vi starta på nyåret med overbelegg, og i tillegg vart pasientar liggande på sjukehus i påvente av ledig plass ved institusjonen. Vi måtte og i periodar kjøpa sjukeheimsplassar i annan kommune. Kommunestyret vedtok difor å utvida sjukeheimsdrifta med 4 langtidsplassar frå 01.07.17 og det vart tilsett personell i 6 nyoppretta stillingar. Det har og vore utfordringar knytt til auke i andel pasientar med stor og ressurskrevjande omsorgsbyrde.

Frå 01.07.17 vart forskrifta om rett til langtidsopphald ved sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgntenester sett i verk, inkludert korleis pasientar kan ivaretakast i ventetida. Sjukeheimen har hatt fokus på at den enkelte pasient skal få oppleve mening, tillit, bli møtt med respekt, god omsorg og gode opplevingar som sentrale faktorar i kvardagen. Kompetansehevande tiltak har vore vektlagde med nettverksarbeid, vidareutdanning, kurs og kvalitetsforbetring.

### **Meland Sjukeheim har avdelingane / tenestene:**

- Norgardstunet - langtidsavdeling er utvida og har gått frå 18 til 22 pasientar frå 01. juli 2017.
- Lerketunet – langtidsavdeling gir teneste til 12 pasientar som lever med demenssjukdom.
- Solkroken - korttids- og rehabiliteringsavdelinga har plass til 9 pasientar.
- Natteneste – er organisert i ei teneste for både sjukeheimen og heimesjukepleia.
- Dagsenter - dagavdeling for heimebuande personar og pasientar ved sjukeheimen.
- Institusjonskjøkken – leverer mat til sjukeheimen, dagsenteret og varm middag til heimebuande personar med innvilga heimeteneste.
- Logopedteneste: 50 % stilling med innvilga teneste etter helse- og omsorgstenestelova.


Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			Tall i 1000 kr Forbruk i %
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	
2017	63,2	93,7	67 %	45 519	45 065	-454	101,0 %
2016	58,2	94,0	62 %	40 102	39 970	-132	100,3 %
Endring . 16-17	5,0	-0,3	5 %	5 417	5 095	-322	-0,7 %

Tabellen viser at gjennomsnittet i % stilling har auka og er no på 67 %. Dette er ein auke med 5 % i gjennomsnitt frå 2016. Ser ein tilbake til 2014 var gjennomsnittet i % stilling på 54,7 %.

Det har det vore utfordrande å halda forbruket innan ramma som tenesteområdet er tildelt, og vi kjem ut med eit meirforbruk på kr 454.000,- for 2017. Sjukefråværet ved Meland Sjukeheim har vore høgt i 2017 og målet om eit nærvær på over 90 % vart ikkje nådd slik det vart i 2016.

#### Liggedøgn ved institusjonen og innvilga plassar:

Tabellen under viser auke i tal på aktive liggedøgn frå 11.428 i 2013, 12.809 i 2014, 13.793 i 2015, 14.239 i 2016 og til 15.348 i 2017 - med ein auke med 980 liggedøgn i snitt per år i perioden (om lag 9% per år). Aktivitetsauke har vore stor og utfordrande i høve til tenesteyting og personell der ein må sikra tilstrekkeleg kompetanse. Vi har auke i tal på innvilga korttidsopphald frå 44 i 2013 til 121 i 2017 som vist under.



#### **Bruken av pasientrom 2013 - 2017:**

	Avd - Pasient rom	31.12.13	31.12.14	31.12.15	31.12.16	31.12.17
<b>Nordgards- tunet</b>	Gruppe A	14	10	10	10	14
	Heimeten. kontor	0	4	4	4	0
	Gruppe B	9	8	8	8	8
<b>Lerketunet</b>	Avdeling D	12	12	12	12	12
<b>Solkroken</b>	Avdeling C	0	7	7	7	7
Lindrane eining	Pasientrom		(1+)1	2	2	2
	Pårørande-rom		2	2	Over- belegg 2	2
<b>Sum</b>		35	36	39	39 + 2	43

Tabellen viser auke i bruk av pasientrom frå 35 plassar pr 31.12.13 til 43 pr 31.12.2017.

Per 31.12.2016 var det overbelegg ved korttidsavdelinga og ein måtte bruka pårørande rom til pasientrom. I tillegg hadde sjukeheimen ressurskrevjande brukarar som trong auka bemanning. (1 til 1 bemanning heile eller delar av døgn).



### **Andre tenester:**

Logopedtenesta skal til ein kvar tid være tilgjengeleg for klientar med akutte behov.

I 2017 har dtenesta brukt ca. 200 timer med direkte arbeid fordelt på 17 klientar. Dette er noko lågare tal enn i 2016. Frå våren 2017 har tre legar delt på ansvaret som sjukeheimslege på ulike dagar. I tillegg har det vore ein turnuslegar to dagar i veka i periodar.

### **Brukarar og aktivitetar for desse**

Meland Sjukeheim arbeider for at pasientane skal få ei individuell, kvalitativ og god teneste.

Det vert laga individuell pleieplan med tydelege tiltak og kvar pasient har egne primærkontaktar.

- Frivilligsentralen lagar til sosiale samlingar for pasientane ved Nordgardstunet.
- Alle avdelingar har Motitec-syklar, som er aktivitet som gjev auka helsegevinst. Det vart arrangert sykkel VM for eldre der mange pasientar / brukarar deltok. Ved Nordgardstunet fekk vi verdsmeistaren og han sykla 1397 km på 5 veker.
- Vi har pårørande-møte vår og haust.
- Det vert satsa på kulturelle innslag gjennom året. Rundt dei ulike høgtidene har skulemusikk, kor og andre frivillige stilt med musikk og underhaldning.
- Det er samarbeid med kyrkja og andre forsamlingar med andakt kvar torsdag.
- Sjukeheimen har og samarbeid med barnehage som kjem på besøk kvar 2. veke.
- Frivillig frå Røde Kors tilbyr tur i nærområdet til bebuarar på korttidsavdelinga (Solkroken).



### **Fagleg kvalitet / kvalitetsarbeid/ tilsyn / utvikling:**

Meland Sjukeheim vektlegger fagleg utvikling, nytenking og kompetanseheving.

Satsingsområde i 2017 har vore:

- Vi starta arbeidet med prosjektet «Livets siste dagar» med opplæring for alle tilsette.
- Vi har ein mål- og startegiplan som vert årleg oppdatert.
- Vi har vore med i eit læringsnettverk for «ledelse av pasientsikkerhet» forankra i Nasjonalt Pasientsikkerhetsprogram.
- Vi deltek i prosjekt samordning av velferdsteknologi for Radøy, Meland og Lindås.
- Vi er og med i Nasjonalt prosjekt for Velferdsteknologi – 10 kommune-prosjekt.
- Demens ABC, Regionalt nettverk, Lokal arbeidsgruppe demens ABC
- To sjukepleiarar har starta vidareutdanning innan avansert gerontologi og ein sjukepleiarar med vidareutdanning innan vegleiing.

## **6.11 Meland heimeteneste**

### **Heimetenestene yter desse tenestene:**

- heimesjukepleie
- omsorgsløn
- praktisk bistand/opplæring
- støttekontakt
- brukarstyrt personleg assistanse
- tildeling av omsorgsbustad
- Avlastning
- tryggleiksalarm

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			Tall i 1000 kr
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
2017	78,9	113,9	69 %	66 121	61 916	-4 205	106,8 %
2016	73,4	110,9	66 %	59 079	59 806	727	98,8 %
Endring . 16-17	5,5	3,0	3 %	7 042	2 110	-4 932	-8,0 %

Tabellen syner eit samla meirforbruk på kr 4,2 mill. i 2017. Netto kostnadar for tenesta har auka med kr 7,0 mill. frå 2016 til 2017. Årsakene til er mellom anna at brukarar med nedsett funksjonsevne har hatt trong for auka ressursar. Det har i 2017 og vore nytta ekstra personell både på dag- og kveldsvakter dei fleste helgene grunna stor arbeidspress. Eit sjukefråvær på 9,2 % fører til høge kostnadar til vikarar og innleige av personell. Det har vore vanskeleg å få vikarar til slike vakante vakter og helgestillingar, noko som har resultert i mykje overtid på det faste personalet. Av samla overforbruk er kr 2,9 mill. knytt til overtidsbruk. Mangel på fagpersonar over tid er ikkje gunstig for kvaliteten på tenesta til brukarane og det har difor vore arbeid med rekrutteringstiltak for å motverke dette.

Meirforbruk knytt til forseinka mottak av utskrivingsklare sjukeheimspasientar utgjør kr 1,1 mill. Etter samhandlingsreforma som vart innført i 2012 vert pasientar skrivne ut frå spesialisthelsetenesta til kommunane tidlegare enn før. Fleire pasientar enn tidlegare har vore så dårlege at ein ikkje kunne yte ei fagleg forsvarleg teneste i heimen rett etter sjukehusopphald, og vi har måtte betale for opphald på sjukehus og sjukeheim. I 2017 betalte vi for 223 døgn på sjukehusa mot 68 døgn i 2016.

### **Fagleg kvalitet/kvalitetsarbeid**

Heimetenesta gjev tenester til pasientar og brukarar gjennom heile livsløpet. Mange har omfattande og langvarige behov som krev høgare og tverrfagleg kompetanse. Ved utlysning av vakante stillingar vert det gjort ei vurdering om vi har riktig kompetanse. I dei siste åra, også i 2017, vart ufaglærte stillingsheimlar omgjorte til både helsefagarbeidar-, vernepleiar- og sjukepleiarstillingar.

I måla for heimetenestene har vi fokus på fagleg og personleg utvikling av personalet. Grunna utfordringane når det gjeld tenesteyting, har det også i år vore vanskeleg å gjennomføre kurs/intern undervisning. Kommunen har gjennom tett samarbeid med habiliteringstenesta for vaksne på Breistein, og har gjennom personalet der motteke råd og fagleg rettleiing.

### **Kvardagsrehabilitering**

I 2015 og 2016 var Meland kommune deltakar i KS sitt nettverk for «kvardagsrehabilitering». Dette er ulike tiltak for å bidra til betre helse og aktiv alderdom. Satsinga er viktig då statistikkane viser at vi i åra som kjem kan vente auke i tenestebehov som vert vanskeleg å møte med ressursane tenestene får i dag. Kvardagsrehabilitering krev ekstra ressursar i startfasen. Både i 2016 og 2017 fekk vi tildelt kr 300.000 frå fylkesmannen i tilskot til dette. I 2017 har det vore svært vanskeleg å få pasientar som har vedtak om tenester til å delta i prosjektet. Mangel på fysioterapeut og andre ressurspersonar ut over våren førte til at vi heller ikkje i 2017 kan vise til resultat frå dette arbeidet.

Likevel merkar vi no ei bevisstgjerig hjå personalet når det gjeld å legge tilhøva til rette slik at pasientane kan vere meir delaktig i sin kvardag framfor at dei utfører dei ulike gjeremåla for pasientane. Ein annan stor fordel med dette nettverksarbeidet er at vi opplever ein svært positiv effekt på samarbeidet mellom sjukeheimen, ergo-fysioterapiavdelinga og heimetenesta.



## **Velferdsteknologi**

Dette er eit nasjonalt satsingsområde. Rett bruk av velferdsteknologi kan føre til at den enkelte brukar i større grad sjølv kan ivareta eigenomsorg og bidra til at vedkomande opplever mestring i kvardagen. Lindås kommune har gjennomført eit stort forskingsprosjekt innan velferdsteknologi i perioden 2012-2016 og implementert dette i drift. I desember 2016 vart det gjort vedtak i kommunestyret i Meland om ei ekstra løyving på kr 1 mill. for innkjøp og kompetanseheving innan velferdsteknologi i kommunen, og med ynskje om samarbeid mellom Lindås, Radøy og Meland på dette området.

Dei tre kommunane har i dag ulik ståstad når det gjeld kompetanse, implementering og erfaring med bruk av velferdsteknologi. For å nå felles ståstad, og kunne yte likeverdige tenester til alle innbyggjarane i den nye storkommunen har ein i 2017 sett i verk tiltak og eit målretta samarbeid, som omfattar både brukarar av tenester og tilsette som yter tenestene. Målet for dette arbeidet er at i 2020 er velferdsteknologi ein naturleg del av tenestetilbodet i nye Alver kommune. Innbyggjarar skal få etablerte og velfungerande velferdsteknologitenester uavhengig av alder, funksjonsnedsetting og adresse.

Samordning av velferdsteknologi for kommunane Radøy, Meland og Lindås er samstundes eit delprosjekt under felles hovudprosjekt « Nordhordlandsregionen – saman om velferdsteknologi » (10 kommunar). I løpet av hausten 2017 starta ein med kurs innan velferdsteknologiens ABC der 18 personar frå heimetenesta har deltatt. Nye kurs vil starte våren 2018 og målet er at så mange som mulig av personalet får gjennomgå dette programmet.

### **Systemkoordinator, koordinator, individuell plan, planverkty m.m.**

<b>Planar i Sampro</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Nye individuelle planar	14	6	4
Avslutta planar	0	2	5
Aktive planar	44	52	49
Nye koordinatorar	0	10	0

Systemkoordinator har i 2017 deltatt på avdelingsmøter på psykisk helse og helsestasjonen med informasjonsutveksling, og har gitt individuell opplæring og rettleiing av fleire koordinatorer for å kunne fordela koordinatoransvaret på fleire. Kommunen manglar eit sektorovergripande registreringssystem som gir korrekt oversikt over det totale behovet for langvarige og koordinerte tenester i kommunen. Koordinerande eining har mottatt ca. 15 nye henvendingar i 2017 om mulig trong for koordinator eller IP, utan at dette har blitt formalisert. I mange tilfelle handlar det om å lytte, anerkjenne, informere og hjelpe med å «dra noen trådar» inn mot riktige tenester.

Koordinerande team og funksjonen som systemkoordinator som vart etablert i 2016, er no prøvd ut over halvanna år. Det har vore 5 møter i Koordinerande team i 2017 med varierende oppmøte. Det systemretta arbeidet er utfordrande med den organisering og fysiske plassering av koordinator vi har i dag. Systemkoordinator representerer Samarbeidsutvalet for Nordhordland i «LKT-prosjektet» - eit samhandlingsprosjekt i regi av Helse Bergen, som har som mål å utvikla eit overordna, generisk løp som understøtter pasientar med behov for langvarige og koordinerte tenester.

### **Hukommelsesteamet**

Tre sjukepleiarar frå heimetenestene og ein sjukepleiar frå sjukeheimen, alle med vidareutdanning innan aldring og helse, har gjennomført 8 kartleggingar og 9 retestar av pasientar i 2017 der det har vore mistanke om og konstatert demenssjukdom. Dei arbeider samstundes med fylgje opp pårørande til desse. Teamet arbeidar tett saman med tilsynslegen ved sjukeheimen og fastlegane. Vi registrerar ein auke i etterspurnad etter tenester, og fleire fastlegar tek kontakt. Det er behov for å arbeide meir med oppfølging av pårørande til pasientar med kognitiv svikt og demens diagnose som bur i sin eigen heim.

### **Kreftsjukepleiar**

Kommunen har kreftsjukepleiar i 30% stilling. Førspurnad om tenester kjem både frå fastlegar, pasientar eller pårørande. Ressursen er svært knapp. Det skal vere ein låg terskel for at innbyggjarane kan ta kontakt, og det vert ikkje skreve vedtak om desse tenestene. Kreftsjukepleiar er i tillegg til dette ein viktig fagleg ressurs både når det gjeld fagleg rettleiing, undervisning og i direkte tenesteyting.

### **Dokumentsenter Omsorg**

Det vart etablert eit dokumentsenter for pleie og omsorg i 2015 for å samle all dokumentflyt, saksbehandling og forvaltning gjeldande pleie og omsorg. Vi brukar 2 sjukepleiarar, kvar med ca. 40% stillingar og ein sosionom i 75% stilling til dette. Den sistnemnte stillinga har vore vakant sidan oktober 2017 noko som har resultert i meirarbeid på dei andre sakshandsamarane. Dessutan er arbeidsmengda aukande både når det gjeld tal på søknadar og kompleksiteten i søknadane. Det er difor trong for avklaring av ressurssituasjonen i dette arbeidet.



### **Prosjekt- Stabil og forsvarlig bemanning for tenesteyting til menneske med nedsett funksjonsevne.**

I mars 2017 starta prosjektet « Stabil og forsvarlig bemanning for tenesteyting til menneske med nedsett funksjonsevne». Bakgrunnen for prosjektet er vanskar med å behalde og rekruttere kompetent personale til tenesteyting for menneske med nedsett funksjonsevne. Vakante stillingar gjev auka belastning på dei tilsette i arbeidslaga, og det er mykje bruk av overtid. Ustabil bemanning resulterer i både utrygge brukarar og pårørande. Pårørande har gitt utrykk for misnøye med tenesta.

Føremålet med prosjektet er å vurdere om noverande organisering av tenesta til målgruppa er føremålstenleg i høve lovkrav, og dessutan sikre forsvarleg og kompetent bemanning, samt at brukarar, pårørande og tilsette skal oppleve ei trygg og god teneste. Ein har i løpet av 2017 gjort vurderingar av noverande organisering, som mellom anna gjer at det er vanskeleg å rekruttere og behalde fagpersonale. Prosjektet skal avsluttast i 2018, så konklusjonane frå arbeidet er ikkje klare. I økonomiplanen for 2018-2021 er det løyvd midlar til ombygging av omsorgsbustadar på Grønland 2.

Tabellane under viser at talet på pasientar/brukarar som vi yter teneste til har auka noko frå 2016 til 2017. Ein viser spesielt auken i talet pasientar som får både heimesjukepleie og praktisk bistand. Desse brukarane har auka hjelpebehov i forhold til tidlegare, og det må leverast meir komplekse tenester. Vi har diverre ikkje statistikk som viser kor omfattande tenestene er.

## Brukarar



## 6.12 Kultur

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still.%	Økonomi			Tall i 1000 kr Forbruk i %
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	
2017	11,3	21,0	54 %	9 472	9 490	17	99,8 %
2016	10,7	19,8	54 %	8 148	8 296	148	98,2 %
Endring . 16-17	0,6	1,2	0 %	1 324	1 193	-131	-1,6 %

Budsjettet til tenesteområdet har hatt ei auke frå 2016 til 2017. Auka har samanheng med at (1) staten flytta tilskot til drift av frivilligsentralane til rammetilskotet, tabell C, (2) auke i lønnskostnader ved kulturskulen, og (3) justering av budsjetterte refusjonar. Det økonomiske resultatet ligg nært budsjetttramma grunna nøktern drift, med fleire eksterne tilskot til driftstiltak, fokus på effektiv drift og fornying av arbeidsverktøy, sterkare samhandling på tvers av tenesteområdet, og eit tydeleg arbeid med økonomistyring.

## Kulturskulen

Ved utgangen av 2017 hadde kulturskulen 246 elevplassar (220 unike elevar) og 11 faste tilsette, alle høgt utdanna og med eit unntak i deltidsstillingar. Dette er ein mindre auke frå 2016, knytt til auke ved danseundervisinga. Eigendel var kr. 3490,- per skuleår per elevplass ved utgangen av 2017. Det vert gjeve søskenmoderasjon. 75 elevar stod på venteliste. Kulturskulen tilbyr opp til 10 elevplassar med redusert eigenbetaling.

## Meland Bibliotek

Statistikk frå Meland bibliotek syner ei svak nedgang i aktiviteten

	Utlån	e-lån	Arrangement	Arr-frammøtte	Besøk
2015	28144	511	47	655	12490
2016	27785	715	57	1153	10541
2017	30793	446	72	1158	TBA

Meland bibliotek har auka utlånstala og hadde eit godt arrangementsstilbod til innbyggjarane i 2017. Bruken av det meir opne biblioteket har auka, med 2.237 personar som logga seg inn i 2017, mot 1.043 i 2016. Besøket på Rosslund filial har likeeins auka noko, men filialen har framleis eit lågt besøkstal med eit gjennomsnittstal på 140 besøk i løpet av året.

## Frivilligsentralen

Sentralen har regelmessige møter med lag- og organisasjonar, og støtter og tek initiativ til tiltak og prosjekt saman med frivillig sektor, flyktningar, idretten og ulike kommunale tenester. Frivilligforum har vorte arrangert 2 gongar i 2017. Arbeidet med flyktningar og inkludering har gått vidare, og ein har auka trykket på inkluderande tiltak for barn og unge som opplever fattigdomsproblem. Kultur på kort og Sommaraktivitetar for barn har vorte suksessar, og vil verte utvida til å gjelde ungdom i 2018. Sentralen har og jobba med etablering av inkluderingskontaktar i org.-livet, styrking av internasjonal aften, samt førebuing av prosjektet Fleire fargar.

## Anna

- Temaplan for parkering, utsiktspunkt og rasteplassar vart handsama i 4. kv. 2017.
- Turskiltprosjektet går vidare etter planen ut 2019.
- Prosjektet for ombygging av Meieriet til kulturarena pågår. Planlagt opning 4. kv. 2018.
- Etablering av ungdomsklubb.
- UNG Meland er etablert, saman med utviding av ungdomskoordinatorressurs.
- Fokus på styrking av lokal identitet gjennom bevaring og synleggjering av kulturarv

## **6.13 Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK)**

### **Miljøfyrtårn**

Meland rådhus har blitt sertifisert som Miljøfyrtårn. Miljøfyrtårn er eit verktøy for sertifisering og miljøleing, som hjelper private og offentlege verksemder med å ta miljøansvar. Rådhuset har oppfylt 50 krav til arbeidsmiljø, innkjøp, energi, transport, avfall, utslepp til vatn og estetikk. I samband med sertifiseringa har det mellom anna blitt innført kjeldesortering, innført retningslinjer for reiseverksemd og vedteke innkjøpsrutine for miljøomsyn.



Rådhuset har også blitt energimerka og tiltak for å redusere energibruk gjennom utskifting av ventilasjonsanlegg vil bli gjennomført i 2018.

### Arbeidsområder

- Egedomsforvaltning og utbygging
- Arealplanlegging, geodatatenester og oppmåling
- Byggesaksbehandling, seksjonering og adressetildeling
- Landbruk, natur og miljø
- Drift, vedlikehold og reinhold av kommunale bygningar og bustader
- Drift og vedlikehold av kommunale vegar og kaiar
- Drift og vedlikehold av kyrkjegard og grøntanlegg
- Drift og vedlikehold av vatn- og avlaupsanlegg
- Administrasjon av interkommunale tenester innan slamtømming og feiing

Nøkkeltal frå drifta	Personalressursar		Gj.snitt still. %	Økonomi			Tall i 1000 kr
	Årsverk	Tilsette		Rekneskap	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
2017	43,9	45,7	96 %	29 822	31 100	1 278	95,9 %
2016	39,3	40,0	98 %	28 778	29 974	1 196	96,0 %
Endring . 16-17	4,6	5,7	-2 %	1 044	1 126	81	0,1 %

Tall ekskl. kostn. til leige av modulbygg knytt til investering i nye skulebygg.

I 2017 var kapasiteten innan byggesak, oppmåling og plan normal. Kapasiteten innan drift og vedlikehold av kommunale bygg, vegar og anlegg har vore redusert på grunn av sjukefråver, samstundes som driftskostnadene har auka sterkt og ut over budsjett. Tenesteområdet fekk likevel eit mindreforbruk på kr 1.084.000, Dette skuldast god sakstilgang og dermed betre sjølvkostresultat enn budsjettert innan oppmåling i tillegg til høgare husleigeinntekter enn budsjettert.

### Nøkkeltal

Nøkkeltal frå Kostra	Meland		Kostragruppe 08		Hordaland		Landet u/Oslo	
	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016
Kommunalt disponerte bustader pr 1000 innbyggjarar	15	14	18	18	19	19	21	21
Netto driftsutgifter i kr til kommunal egedomsforvaltning pr innbyggjar	2 998	2 946	4 637	4 390	5 130	4 954	5 082	4 835
Netto driftsutgifter til skulelokale i kr pr innbyggjar	1 868	1 907	2 150	2 067	2 203	2 207	2 178	2 175
Netto driftsutgifter i kr pr km kommunal veg	86 016	76 516	123 305	115 143	142 276	127 144	128 584	117 964
Årsgebyr vassforsyning	4 170	3 864	2 663	2 626	3 679	3 901	3 431	3 391
Årsgebyr avlaup	3 063	3 063	3 458	3 523	3 591	3 534	3 839	3 782
Årsgebyr renovasjon	3 488	2 944	2 393	2 419	2 363	2 379	2 712	2 656
Netto driftsutgifter til plan/kart/bygg i kr pr innbyggjar	650	531	347	315	309	294	353	335

Tabellen over viser at vi har små endringar innan dei fleste områder. For plan- og byggesaksbehandlinga sin del er netto driftsutgifter relativt høge som følge av kjøp av konsulenthjelp, på grunn av kapasitetsproblem. Årsgebyr renovasjon aukar i 2017 etter å ha vore stabilt frå 2015 til 2016.

Registreringar i Matrikkelen	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
Nye grunneigedomar medrekna seksjonering	101	44	150	199	66	11	86	64	41
Seksjonerte eigedomar (tal seksjonar)	8	4	9	9	2	1 (4)	3 (44)	4 (42)	1(2)
Nye bygningsidentar	102	122	92	144	117	66	79	103	115
Bygningar meldt tekne i bruk/ meldt ferdig	77	61	98	75	65	65	125	128	58
Nye adresseidentar	59	53	92	193	81	63	68	45	113
Krav om klarlegging av eksist grense/ justering		4	14	11	13	19	13	27	27
Registrerte tiltak unntatt byggesaksbehandling								9	10

Nøkkeltal frå matrikkelen seier noko om aktiviteten i bustadmarknaden. Merk at tala gjeld alle eigedomar, ikkje berre bustader. Talet på nye bygningsidentar indikerer stigande aktivitet i bustadmarknaden, og reflekterer at det er område under utbygging.

### **Fagleg kvalitet/kvalitetsarbeid/tilsyn**

Tenesteområdet har kontinuerleg fokus på å halde høgt fagleg nivå i saksbehandlinga, forvaltninga, handtering av utbyggingsoppgåver og tilbudsprosessar og i driftsoppgåvene. Oppfølging av ulovlege saker og tilsyn innan byggesak har vore prioritert. Dialog, samarbeid og omstillingsevne har hatt særleg merksemd ved personalsamlingar i 2017. Faglege nettverk i regionen og i fylket er nytta godt.

### **Brukarar**

Tenesteområdet behandlar eit variert omfang av søknader knytt til bustader og eigedom, m.o.t. plan, byggesak, tilknytning vatn og avlaup, utslepp, avkjørsel, tilskotsordningar i landbruket, konsesjonar, motorferdsel, skogsvegar osb. Det blir lagt vekt på å behandle alle sakstypene så raskt som mogleg, uavhengig av om fristane er lovfesta eller ikkje, og vi er heller ikkje utsett for klage på saksbehandlingstida. Vi forsyner innbyggjarane med vatn, sørgjer for at avlaupsanlegga fungerer og sørgjer for at vegar og plassar er brøyta og strødd om vinteren. Det er ikkje registrert vesentlege avvik eller misnøye med tenestene. Vi drifter og held vedlike dei kommunale bygningane, og opplever at brukarane stort sett er nøgd med innsatsnivået.

### **Utviklingsoppgåver**

Tiltak	Status
Styrke effektiv drift av kommunale bygg, vegar og anlegg	Det er bestilt smarttelefonar og nettbrett til drifts- og vedlikehaldspersonalet slik at dei skal få tilgang til dokumentasjon og driftsstyringsdata ute på bygg og anlegg når det er behov for det. Det er vidare starta eit godt samarbeid med tekniske etatar i nabokommunane omkring vegnorm og drift av veglys.
Høgt nærvær og godt arbeidsmiljø	Avdelinga gjekk ut med eit sjukefråver på 6,9% for heile 2017 (målet var å ligge under 7%). Avdelinga er godt nøgd med dette resultatet. Kortidssjukevêret er svært lågt.
Bidra til god informasjon og gode elektroniske tenester	Feilmeldingstenesta for innbyggjarane er i drift.



## Mål og måloppnåing

Mål	Status / måloppnåing
Levere gode tenester på alle område som krev kommunal saksbehandling etter særlover på PUK sitt ansvarsområde.	Kvaliteten på saksbehandlinga er god m.o.t. innhald og lovfesta krav til heimelsgrunnlag, grunnngjeving og likebehandling. Dei lovfesta tidsfristane blir halde.
Ha god framdrift i kommunal planlegging, levere gode karttenester, gje bøndene god oppfølging og drive næringsutvikling innan PUK sitt ansvarsområde.	Kommunal planlegging har i hovudsak vore retta mot områdeplanen for Midtmarka, i eit offentleg-privat samarbeid. Planarbeidet på Rylandshøgda er i sluttfasen. Arbeidet med Byregionprogrammet nærmar seg sluttfasen. Aktiviteten innan landbruk er som vanleg høg. Prosjekt Ta vare på matjorda er fullført med gode tilbakemeldingar. Nettverksarbeid for bøndene har høg prioritet.
Utføre så mykje vedlikehaldsarbeid som mogeleg både når det gjeld teknisk infrastruktur og bygningsmasse, og drifte eigedomar og anlegg på ein kostnadseffektiv måte. Sikre at kommunen har den bygningsmassen og tekniske infrastrukturen som er nødvendig for å støtte dei oppgåvene som kommunen er sett til å løyse gjennom effektivt prosjektarbeid.	Midlane som er sett av til drift og vedlikehald og til investeringar er nytta fullt ut. Tenesteområdet brukar eigne krefter så langt råd er for å halde kostnadene så låge som mogeleg. Skader på bygg, anlegg og innreiingar blir reparert så sant det er mogeleg. Investeringsoppgåvene er løyst i tråd med vedteken investeringsplan, og utan store overraskingar på kostnadssida. Ein del prosjekt er gåar inn i 2018 og blir avslutta der.

## Utfordringar

Utviklingsbehov	Status
Det er behov for å auke kapasiteten innan plansaksbehandlinga og kommunal planlegging.	Det er ein relativt høg aktivitet i utbyggarbransjen etter at kommuneplanen sin arealdel vart ferdig. Det er krevande å møte private planleggjarar og utbyggjarar på ein god nok måte når ressursane er knappe. Plan- og bygningslova sine krav til kommunal planlegging tek utgangspunkt i at kommunane har vesentleg høgare kapasitet enn det som er tilfelle i dag.
Det er behov for å auke kapasiteten innan drift og vedlikehald av bygningar og anlegg	Etter utbyggingar og utvidingar av sjukeheimen og fleire skular dei seinare åra, er det behov for å styrke kapasiteten og budsjettet innan reinhald, drift og vedlikehald. Driftsovervakingsystema blir stadig fleire og meir kompliserte, straumutgiftene aukar, faste avgifter og lisensar aukar, rapporteringskravet aukar.
Utgifter til veglys og brøyting / anna vedlikehald auker, med budsjettmessige konsekvensar.	Kommunen får fleire vegar og veglys å drifte etter kvart som nye bustadområde blir ferdige, men driftsbudsjettet heng ikkje tritt.
Digital kommune	Meir bruk av smarte løysingar innan kommunikasjon og dokumentasjon, koordinert med digitale FDV-styringsverktøy ute på dei ulike bygningane og anlegga. Meir bruk av digital dialog. Her er det rasjonelt å samarbeide med dei andre kommunane i regionen om tenlege løysingar. Digitalisering av eigedomsarkivet vart førebudd i 2017 og klargjort for gjennomføring i 2018.



## 7 Investeringar i 2017

Tabellen nedanfor viser at det er bokført investeringar for kr 93,3 mill. i ordinære investeringar, kr 11,4 mill. i vassverks- og avlaupsanlegg, og andre investeringsaktivitetar er på kr 11 mill. kr. Desse inkluderer utlån, avdrag og avsetningar vedr. kommunen sin vidareformidling av startlån frå Husbanken. Sum kapitalutgifter i investeringsrekneskapen er dermed kr 115,7 mill.

Invest.prosj. 2017	Regnsk. 2017	Rev. bud. 2017	Avvik rekn. - budsji	Invest.prosj. 2017	Regnsk. 2017	Rev. bud. 2017	Avvik rekn. - budsji
Diverse IKT-prosjekt	1 711	1 900	189	600 - Vassleidning Ådlandsvågen - Landsvik	80	80	0
109 - Digitalisering av eigedomsarkivet	-	375	375	601 - Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal	950	1 000	50
153 - Energimerking bygg	292	375	83	603 - Vassleidning Fløksand - Beitingen	1 892	1 920	28
253 - Tilbygg Grasdal skule	34 101	35 760	1 659	606 - Vassleidning Landsvik - Rossland	170	200	30
254 - Tilbygg Sagstad skule	27 918	47 675	19 757	654 - VA-ledning kryssing E39	-	1 140	1 140
257 - Uteområde skulane	129	350	221	662 - Avlaupsleidning Holmeknappen - Tveit	209	300	91
258 - Rossland skule ventilasjon	251	275	24	663 - Separering Grønlandsområdet	7 786	7 830	44
261 - Uteareal Sagstad skule	93	-	-93	668 - Sanering Rosslandspollen	111	250	139
270 - Ny kommunal barnehage	3	-	-3	671 - Spylevogn	240	300	60
350 - Utleigebustader	12 249	16 870	4 621	<b>Sum investeringar vassverk og avlaup</b>	<b>11 438</b>	<b>13 020</b>	<b>1 582</b>
351 - Omsorgsbustader	2 666	2 700	34	910 - Startlån - Utlån	3 163	6 000	2 837
556 - Restaurering av meieribygget	114	313	199	910 - Startlån - Avdrag og avsetningar	4 262	2 000	-2 262
570 - Gravplass Meland	419	900	481	120 - Kapitalutviding Sambandet Vest AS	58		-58
Diverse Meland kyrkje	860	763	-97	797 - Forskottering undergang og trafikkisikr. Holme		3 000	3 000
578 - Kjøp av sentrumsareal	-	3 500	3 500	929 - Eigenkapitalinnskot KLP	1 123	1 125	2
581 - Arbeidskyrkje Frekhaug - utgreiing og p	98	125	27	Avsetningar til kap.fond	2 347	-	-2 347
Maskiner og utsyr, kjøretøy	42	188	146	<b>Sum andre postar investeringsrekneskapen</b>	<b>10 953</b>	<b>12 125</b>	<b>1 172</b>
760 - Asfaltering kommunale vegar	1 306	1 250	-56	<b>Sum finansieringsbehov i invest.rekn.</b>	<b>115 667</b>	<b>152 873</b>	<b>37 206</b>
761 - Trafikkisikring	617	613	-5	Momsrefusjon / momskomp.	14 165	20 928	6 763
Kommunale bygg og eigedommar	1 928	2 313	385	Tilskot, refusjonar, salsinntekter	2 510	350	-2 160
786 - Ladepunkt elbilar	302	310	8	Bruk av lånemidlar	89 722	123 650	33 928
788 - Kostemaskin	214	-	-214	Bruk av kapitalfond og andre avsetningar	1 469	6 345	4 876
789 - Ny driftsstasjon	3 232	6 875	3 643	Mottatte avdrag på utlån og refusjonar	7 800	1 600	-6 200
790 - Ny parkeringsplass hurtigbåtkai	4 040	3 250	-790	<b>Sum finansiering</b>	<b>115 667</b>	<b>152 873</b>	<b>37 206</b>
792 - Fortau Mjåtveitvegen	104	250	146				
793 - Ladepunkt elbilar - Sjukeheimen	443	363	-80				
794 - Statleg tiltakspakke 2017 - bygg og veg	146	438	292				
<b>Sum ordinære investeringar</b>	<b>93 276</b>	<b>127 728</b>	<b>34 452</b>				

Revidert investeringsbudsjett er på kr 152,9 mill. og ein har såleis i 2017 brukt kr 37,2 mill. mindre enn budsjettet. Mesteparten av dette skuldast forskyving av prosjekt ut i tid. I tillegg kjem effektar frå flytting av kostnader frå investering til driftsregnskapet knytta til saken om leigekostnader for modulbygg (ref kap 2.2). Det er allereie gjort budsjettendringar i 2018 for å ha dekning for dei prosjekt som vert å ferdigstille i 2018 i staden for i 2017 slik det vart lagt opp til i budsjettet.

### gjennomførte investeringsprosjekt

#### Bygg

I 2017 var dei to største byggeprosjekta tilbygga på Sagstad og Grasdal skule. Begge skulane har i lengre tid hatt dårleg kapasitet og har måtte bruke spesialrom som klasserom. Prosjekta omfattar også mykje rehabilitering av eksisterande bygningsmasse. Tilbygg og rehabilitering av Grasdal skule var ferdig hausten 2017. Som ein del av prosjektet har taket på heile skulen blitt skifta og det er etablert ein ny parkeringsplass. Sagstad skule vil bli ferdigstilt i mars 2018.



Grasdal skule

Leige av modulbygg i byggeperioden for å kunne gjennomføre undervisninga ved skulane var budsjettert som del av investeringsprosjekta. Desse utgiftene, som for 2016 og 2017 til saman er på kr 7,15 mill. må imidlertid bokførast i driftsrekneskapen, og investeringsrekneskapen er redusert med kr 9,0 mill inkl. mva i sum på desse prosjekta, medan driftsrekneskapen tilsvarande er belasta med kr 7,15 mill eks. mva.

Det er elles gjort betydelege oppgraderingar av eksisterande bygg. Av dei større tiltaka er to nye ventilasjonsanlegg på Rossland skule, nytt skulekjøkken på Meland ungdomsskule, 30 nye vindauge på Meland sjukeheim og maling av mange kommunale omsorgs- og utleigebustader. I garasjen på Meland sjukeheim er det også blitt etablert ladepunkt for elbilar. Elles har styringsystemet (SD-anlegget) på dei offentlege bygga blitt oppgradert med AMS-målarar og innbrottsalarm.

I 2017 vart det starta opp planleggings- og prosjekteringsarbeid for rehabilitering av meieribygget til kulturhus og etablering av ny driftsstasjon i Mjåtveit næringspark. Bygga er planlagt ferdigstilt i løpet av 2018.

### **Veg og trafikksikring**

Ved Varnappen har det kome på plass ny parkeringsplass for hurtigbåt og friområde ved Badevika. I tillegg er det etablert ny gang- og sykkelveg frå parkeringsplassen til Frekhaug kai. Begge tiltaka har



sitt utgangspunkt i mykje overskotsmassar frå VA-anlegget i Grønlandsområde. Desse massane er også nytta til å bygge fortau langs Mjåtveitvegen fram til snarvegen inn til Leiketun barnehage. Det har kome fartshumpar på Grønland, Skurtveitvegen, Orrhøyen og eit opphøgd gangfelt i Mjåtveitvegen. Det er lagt ny asfalt i Havnevegen og Nordgardshaugen. I tillegg har det blitt utført rassikring langs Hoplandsvegen og Sagstadvegen.

*Bygging av ny gangveg til Frekhaug kai*

### **Vatn og avlaup**

Det største VA-anlegget i 2017 var VA-anlegget i Grønlandsområdet på Frekhaug som omfatta separering av avlaup og overvatn. I tillegg vart vassleidninga bytta ut med ein større dimensjon. Anlegget ga moglegheiter for å utføre fleire andre prosjekt, som nemnt over, grunna store overskotsmassar. Føremålet med anlegget var å unngå overbelastning av reiseanlegget på Varnappen, og kommunen er nøgd med at tiltaket har fungert etter hensikten.



*Ny overvasskulvert under Mjåtveitvegen ved Paktamyra*

Kommunen er godt i gang med planlegging og prosjektering av nytt hovudvassverk på Hestdal. Vassverket skal bli eit fullreinseanlegg med fargefjerning og UV-reinsing som kan levere nok vatn til eit stadig aukande folketal i kommunen. Elles er det gjort arbeid med planlegging og prosjektering av nytt VA-anlegg mellom Holme og Tveit. Anlegget må utførast saman med undergangen på Holme som ligg inne i Nordhordlandspakken, og er difor noko seinka i henhald til tidlegare framdriftsplanar.